Det har aldri vært observert at de aktuelle substantivene gjerne er relasjonelle.Det er to hovedgrupper. Den første gruppen er noen relasjonelle substantiversom betegner personer, som *dekanus*, *preses*, *rektor*, *revisor* (Andre, som f.eks.*direktør* og *diktator* kan ikke brukes slik, men enkelte hjemlige substantiver kan det, som *instituttleder*.)

(3) John har snakket med revisor / kontrolløren / *kontrollør

Bruken som inherent definitt forutsetter at den språklige eller ikke-språklige konteksten gjør det klart hvem denne revisoren er revisor for - vi kan tenkeoss at substantivet har et underforstått pronominalt argument. Hvis *revisor*brukes ikke-relasjonelt, kan det ikke være inherent definitt (*John pratet med en lege og en revisor. Plutselig sa revisoren / *revisor at ...*)

Den andre gruppen er inalienable substantiver. De tradisjonellegrammatikkene nevner enkelte slike, f.eks. *sentrum*. Men litteraturen nevnerikke den eneste gruppen hvor inherent definitthet kan sies å være en regel,nemlig lærde substantiver som betegner kroppsdeler, som f.eks. *aorta*, *prostata*,*larynks* (men f.eks. *hypofyse* er ikke slik).

(4) John har smerter i larynks / halsen / *hals

Spørsmålet er så hvorfor akkurat disse substantivene kan være inherentdefinitte. At noen personbetegnende substantiver har denne muligheten, kan(som antydet i litteraturen) sees i sammenheng med at slektskapssubstantiversom f.eks. *far* kan være inherent definitte.

Det er ikke klart hvorfor lærde kroppsdelssubstantiver kan oppføre segpå denne måten. Et mulig moment er at de knapt brukes ikke-relasjonelt.
Videre gjelder det generelt at bestemthet ikke har sine vanlig bruksbetingelserved kroppsdelssubstantiver. F.eks. kan man si *John har brukket beinet* uten atdet er nevnt noe bein tidligere , og uten at det er klart hvilket bein det gjelder.
Det er mange idiosynkrasier og komplikasjoner med grammatikken tilsubstantiver som kan være inherent definitte. Spesielt interessant er det at de varierer med hensyn til muligheten for bestemthetsbøying – dette understøttes av søk i NoWaC-korpuset. Noen tar bestemt form uten videre(f.eks. *revisor*, *rektor*), noen gjør det mer motvillig (f.eks. *prostata*), og noen må nok regnes for å være ugrammatiske i bestemt form, i alle fall for mangespråkbrukere (f.eks. *dekanus*, *larynks*).

Morten Aase Løver, UiO

Tilegnelsen av relativsetninger hos enspråklige norske barn gjennom spontantale

Presentasjonen vil formidle resultatene og forskningsbidragene jeg skaffet til veie i masteroppgava mi, hvor jeg undersøkte tilegnelsen av relativsetninger hos enspråklige norske barn gjennom spontantale.

Relativsetninger har mange variasjonspunkter. Jeg har satt et hovedskille mellom ekstern syntaks og intern syntaks, hvor det første er relativsetningens syntaktiske egenskaper i relasjon til matrisesetninga, mens intern syntaks beskriver syntaktiske egenskaper innenfor relativsetninga. Det er altså tilegnelsen av variasjonspunktene innenfor disse som utgjør studieobjektet.

Materialet består av 56 timeslange opptak av barn mellom 1;0 og 5;6. Den første relativsetningen dukket opp i aldersspennet 2;0-2;6. Materialet er antatt å være på omtrent 25 000 ytringer, med 356 relativsetninger.

Formålet med studien var å forene anvendt og teoretisk lingvistikk for å beskrive studieobjektet. Det anvendte rammeverket var LARSP, et klinisk verktøy for diagnostisering av barn med Spesifikke språkvansker (SLI). Det teoretiske rammeverket som ble brukt var det bruksbasert teori. Det tilsiktede produktet av oppgaven skulle således være et klinisk verktøy i form av en «mikroprofil» (en detaljert tilegnelsesmodell av en spesifikk egenskap, altså relativsetninger), og et bidrag til den teoretiske diskursen og økt forståelse av syntakstilegnelse.

I presentasjonen vil jeg legge vekt på den teoretiske kunnskapen skaffet til veie.

Resultatene viste at tilegnelse av relativsetninger stemmer med grunnleggende antakelser i bruksbasert lingvistikk: De tilegnes gjennom «chunks» og «verb-island constructions», og fra det pragmatisk nyttige, enkle å prosessere og proposisjonelt enkle til det mer komplekse. Innenfor ekstern syntaks ble presentasjonsrelativer («Der er gutten som hopper») og objektsrelativer («Jeg liker gutten som hopper») tilegnet først, mens i den interne syntaksen ble subjektsrelativer («gutten som hopper») tilegnet først. Dette stemmer overens med tidligere forskning på relativsetninger i tysk og engelsk.

Allikevel er det enkelte betydelige ulikheter mellom tilegnelsen av relativsetninger i norsk, og nevnt tidligere forskning. Disse forskjellene har jeg gjort rede for ved å se på til dels metodologiske forskjeller i undersøkelsene, men aller mest språkinterne forskjeller: De tre språkene har viktige grammatiske forskjeller som jeg argumenterer for at kan forklare de ulike resultatene.

Litteratur

Diessel, Holger. (2004). *The acquisition of complex sentences* (Vol. 105). Cambridge: Cambridge University Press.

Diessel, Holger, & Tomasello, Michael. (2000). The Development of Relative Clauses in Spontaneous Child Speech. *Cognitive Linguistics, 11*(1-2), 131-151. doi: 10.1515/cogl.2001.006

Kidd, Evan, Brandt, Silke, Lieven, Elena, & Tomasello, Michael. (2007). Object relatives made easy: A cross-linguistic comparison of the constraints influencing young children's processing of relative clauses. *Language and Cognitive Processes, 22*(6), 860-897. doi: 10.1080/01690960601155284

Helga Mannsåker, UiB

Metonymisk versus metaforisk bruk av adjektivet *schizofren*

Eg vil diskutera skiljet mellom metonymisk og metaforisk bruk av adjektivet *schizofren*, basert på ei undersøking av bruken av adjektivet i kapittel om schizofreni i skandinaviske psykiatriske lærebøker versus bruken av adjektivet utanfor det psykiatriske fagfeltet.

Døme: «Derfor foretrekker noen i stedet å snakke om det **schizofrene** syndrom, som uttrykk for at schizofreni vel egentlig er flere sykdommer eller tilstander» (Malt, Retterstøl, & Dahl, 2003: 197) versus «Norsk klimapolitikk er **schizofren**» (Lars Haltbrekken i Naturvernforbundet, 2009).

Analysen er basert på eit metonymidefinisjon som er vidare enn det tradisjonelle metonymiomgrepet, der metonymi er sett på som eit utelukkande referensielt fenomen, dvs. at noko står for noko anna, t.d. hand for person i uttrykk som: «Vi treng fleire hender i eldreomsorga» og «All hands on deck!». Metonymi kan definerast som ein kognitiv prosess der ein konseptuell entitet gjev mentalt tilgjenge til ein annan konseptuell entitet i same idealiserte kognitive modell (ICM) (Radden & Kövecses, 1999). Det eg har valt å kalla metonymisk bruk av adjektivet schizofren, inneber ofte ei komprimering av komplekse saksforhald og kan då sjåast på som døme på konseptuell integrasjon (blending) (Fauconnier & Turner, 2002), (Fauconnier, 2008).

Eg har funne i mine analysetekstar at når adjektivet er nytta metonymisk, har det ein klassifiserande karakter, og at metonymisk bruk berre finst i attributive konstruksjonar. Når adjektivet er nytta metaforisk, har det karakteriserande karakter, og det er nytta både attributivt og predikativt. Dette kan tolkast som eit døme på språkleg ikonisitet: Adjektiv som denoterer stabile og uforanderlege eigenskapar, kan berre stå attributivt, medan adjektiv som denoterer eigenskapar med lågare grad av inherens, og som er tillagt på basis av subjektive vurderingar, er lausare knytte til substantivet, og kan dermed stå lenger vekk frå det (Dirven, 1999). Adjektivet *schizofren* har to ulike tydingar: i psykiatrisk fagspråk vert adjektivet nytta om ei rekkje ulike fenomen knytte til den psykiatriske diagnosen schizofreni, i metaforisk bruk tyder adjektivet i all hovudsak 'splitta, ambivalent, inkonsekvent'. Den metaforiske bruken reflekterer dermed etymologien til termen (termane *schizofren* / *schizofreni* vart danna i starten av 1900-talet av gr *skhizein* 'kløyve' og *phren* 'sinn'), medan tydinga til adjektivet når det er nytta metonymisk, er noko slikt som 'som er assosiert med diagnosen/sjukdomskategorien schizofreni'.

Dirven, R. (1999). The cognitive motivation for adjective sequences in attribution. *Journal of English studies, 1*, 57-67.

Fauconnier, G. (2008). How Compression Gives Rise to Metaphor and Metonymy *Video recorded at the Inamori Center for Ethics and Excellence on the Campus of Case Western Reserve University in Cleveland, Ohio.* http://www.neurohumanitiestudies.eu/how-compression-gives-rise-to-metaphor-and-metonymy/.

Fauconnier, G., & Turner, M. (2002). *The way we think: conceptual blending and the mind's hidden complexities*. New York: Basic Books.

Malt, U. F., Retterstøl, N., & Dahl, A. A. (2003). *Lærebok i psykiatri*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Radden, G., & Kövecses, Z. (1999). Towards a Theory of Metonymy. In K.-U. Panther & G. Radden (Eds.), *Metonymy in language and thought* (pp. 17-59). Amsterdam: J. Benjamins.

Ann-Kristin Molde, Universitetet i Bergen

Barns språkvalg etter flytting til Bergen – sosialt motiverte handlinger?

I min nesten fullførte doktoravhandling utforsker jeg kjennetegn ved og forklaringsfaktorer for språkvalgene til utflyttede østlandsbarn i Bergen, forstått som barn som har kommet flyttende til Bergen med østlandsk som innflyttingsdialekt. Prosjektet er retrospektivt ved at det undersøker språkvalgene deres først etter at de har blitt unge voksne.

Hovedmønsteret både i Norge og i andre land har sett ut til å være at innflytterbarn normalt går over til den lokale dialekten på det nye stedet, i hvert fall dersom de kommer flyttende til et relativt homogent språkmiljø. Men både egne og andres observasjoner i forkant av prosjektet mitt (se for eksempel Mæhlum 1992, s. 62) har tydet på at utflyttede østlandsbarn i mindre grad følger dette hovedmønsteret. En spørreundersøkelse som inngikk i prosjektet, støtter opp om at østlandsktalende innflytterbarn skiller seg ut på denne måten. Samtidig viser intervju med sju utflyttede østlandsbarn som unge voksne at også de som tilsynelatende har holdt på østlandsken, reelt har nærmet seg bergensk.

Et viktig spørsmål er hvordan innflytterbarns språkvalg best kan forstås og eventuelt også forklares. Som Siegel (2010) har påpekt, har individers språkvalg i møte med andre dialekter hovedsakelig blitt studert innenfor disiplinene sosiolingvistikk og dialektologi. Dette har sannsynligvis preget tilnærmingen, ved at det har blitt lagt vekt på forklaringsfaktorer knyttet til sosialpsykologiske forhold, som språklig akkomodasjon og bruk av språk som identitetshandlinger. I Norge har Brit Mæhlum vært spesielt viktig, med doktoravhandlingen *Dialektal sosialisering* fra 1992, som har blitt fulgt opp av en rekke undersøkelser. Samtidig kan individers språkvalg i møte med andre dialekter også studeres i et andrespråksperspektiv, med mer vekt på selve læringsperspektivet (jf. Siegel 2010).

I innlegget mitt diskuterer jeg i hvor stor grad og på hvilken måte innflytterbarns språkvalg bør sees som sosialt motiverte handlinger, sett opp mot andre supplerende tilnærminger. Underveis i fremstillingen kommer jeg inn på spørsmålet om hvilke koblinger det kan være mellom utflyttede østlandsbarns språkvalg og østlandskens posisjon i Norge.

Referanser:

Mæhlum, Brit 1992: *Dialektal sosialisering. En studie av barn og ungdoms språklige strategier i Longyearbyen på Svalbard*. Oslo: Novus forlag

Siegel, Jeff 2010: *Second dialect acquisition*. Cambridge: Cambridge University Press

Inger Martine Mosfjeld, Kvadraturen Skolesenter, Kristiansand

Startalder og andrespråkstilegnelse

Jeg ønsker å presentere funnene fra masteroppgaven min [1] som ser nærmere på startalderens effekt på tilegnelsesprosessen av norsk som andrespråk (S2). Jeg analyserer språkdata fra et søskenpars tilegnelsesprosess av finitthet og V2 i lys av flere teorier om startalderens betydning for andrespråkstilegnelse. Søsknene er en gutt med en startalder på sju år og en jente med en startalder på elleve år. Jeg ser nærmere på språkdataene fra søskenparet i lys av Dimroths (2008) [2] læringsløype for finitthet og V2 for voksne for å undersøke om søskenparets tilegnelsesprosess ligner på eller skiller seg fra voksne S2-innlæreres tilegnelsesprosess. Jeg fokuserer også på Schwartz' (2004) [3] modell om aldersbegrenset domene. Denne forklaringsmodellen antar at startalderens betydning for andrespråkstilegnelsesprosessen hos S2-barn og S2-voksne vil være forskjellig for ulike grammatiske domener (som bøying og ordstilling). Derfor undersøker jeg hvorvidt jeg finner aldersforskjeller i søskenparets tilegnelsesprosess av domenet for syntaks (V2) og domenet for morfologi (finittmorfologi). Et viktig område innenfor generativ andrespråksforskning har lenge vært hvorvidt det finnes én kritisk periode eller eventuelt flere sensitive perioder for andrespråkstilegnelse. Aldersforskjeller i S2-tilegnelsesprosessen kan implisere at det finnes sensitive perioder for andrespråkstilegnelse og eventuelt bidra til å tidfeste disse sensitive periodene.

[1] «Alder og andrespråkstilegnelse: Om barns tilegnelsesprosess av finitthet og V2 i norsk som andrespråk», master i nordisk språkvitenskap, NTNU (2015).

[2] Dimroth, C. (2008). "Age Effects on the Process of L2 Acquisition? Evidence From the Acquisition of Negation and Finiteness in L2 German". Language Learning, 58, 117-150

[3] Schwartz, B. D. (2004a). "On child L2 development of syntax and morphology". Lingue e linguaggio, 3, 97-132.

Gudlaug Nedrelid, UiA

Landsmålsterminologi

Marius Hægstad var den fyrste som skreiv ein nynorsk grammatikk på landsmål, *Norsk Maallæra elder Grammatik i Landsmaalet* i 1879. Boka var tiltenkt folkeskulelærarar og til bruk i folkehøgskulen (Venås 1992: 277). Dermed vart Hægstad den fyrste som forma ein nynorsk grammatisk terminologi, med til dømes namn på ordklassar (tingord, eigenskapsord, byteord, talord, kjenneord, gjerningsord, fylgjeord, høveord, bindeord og utropsord). Termane har til dels vorte brukte opp til denne dag. Han var ogso den fyrste som gav ut ei språkhistorie på landsmål, *Norsk maalsoga for skule og heim* i 1904 (Schulze: 1990: 23). Dermed har han ogso laga språkhistoriske termar på landsmål, ulike dei som no er vanlege, som td. ljodbrigde (omlyd), etterljodbrigde av j (progressiv j-omlyd), ljodbrot (bryting), ljodføring (artikulasjon) og vokalsamhøve (vokalharmoni). Desse brukar han gjennomgåande i det store verket om *Vestnorske Maalføre fyre 1350*. Av og til set han dei internasjonale termane i parentes, t.d. «halvljoden (svarabh.)» (Hægstad 1907: 145). Gustav Indrebø brukte ogso desse termane mykje i den store *Norsk Målsoga*, som kom ut posthumt i 1951 (ny, auka utgåve i 2001).

I dette innlegget er det meininga å gjennomgå dei språkhistoriske termane, sjå på mogelege førebilete for orddanningane (omsetjingslån eller nydanningar?), og i noko mon om dei har vorte brukte av andre granskarar seinare.

Tilvist litteratur:
Hægstad, Marius, 1879: *Maallæra elder Grammatik i Landsmaalet*. Namsos.
Hægstad. Marius, 1904: *Norsk maalsoga for skule og heim*. Oslo.
Hægstad, Marius, 1906 - 1935: *Vestnorske Maalføre fyre 1350*. I-II. Kristiania/Oslo.
Hægstad, Marius, 1907: *Vestnorske Maalføre fyre 1350*. I. *Nordvestlandsk*. Kristiania.
Indrebø, Gustav, 1951: *Norsk Målsoga*. Bergen.
Indrebø, Gustav, 2001: *Norsk Målsoga, 2. utg., auka og umvølt*. Bergen.
Schulze, Johan, 1990. *Skrifter og talar av Marius Hægstad: bibliografisk yversyn*.
Oslo. Venås, Kjell, 1992: *I Aasens fotefar. Marius Hægstad*. Oslo.

Signe Nilssen, UiB

Grammatisk og semantisk om det engelske (-)*ish* brukt i norsk

Gjennom dei siste om lag 20 åra har det engelske ordet/suffikset (-)*ish* gradvis blitt teke i bruk i norske skrivne tekstar. Det har truleg vore i munnleg bruk lenger enn dette. Det finst fleire typar konstruksjonar med (-)*ish* i norsk, her kjem døme på nokre av dei:

1. miljøpartiet de mektige (-ish) bestemte seg for at bevisene for at påbudet ville virke var for uklare
2. Vi lå i senga til ti-ish. En helt nydelig morgen.
3. horn med marsipan/ish inni

Dette innlegget baserer seg på mastergradsoppgåva eg leverte ved UiB mai 2015. Her har siktemålet vore å finne svar på korleis (-)*ish* oppfører seg i norsk, og handsamar spørsmål om mellom anna statusen til (-)*ish* som ord eller suffiks i norsk. Vidare blir det undersøkt kva for typar ord som tillet at (-)*ish* opptrer med dei, og kva for typar ordklasse dei nye orda tilhøyrer. Det blir også sett på tydingar av (-)*ish* og moglege omskrivingar til konvensjonelt norsk.

Historisk sett har (-)*ish* i engelsk vore brukt for å lage nasjonalitets/etnisitetsadjektiv (*dane – danish*). Sidan har ein laga adjektiv av animate substantiv (*fool – foolish*) og vidare av ikkjeanimate substantiv (*book – bookish*). Etter kvart har (-)*ish* også blitt lagt til adjektiv for å lage nye adjektiv. Dei siste om lag 200 åra har bruken i engelsk blitt utvida. Ein finn m.a. konstruksjonar der (-)*ish* står til heile frasar, kvantorar og tidspunkt og personnamn (Morris, 1998: 207–8; Traugott & Trousdale, 2013: 233–35; Kuzmack, 2007: 1).

I norsk har vi teke til oss desse nyare bruksmåtane, i tillegg til at vi lagar adjektiv med (-)*ish* av både adjektiv og substantiv. I norsk har vi også andre bruksmåtar, mellom anna at substantiv + (-)*ish* held fram med å vere ei nominal eining (jf. 3). (-)*ish* opptrer i ei mengd ulike grammatiske konstruksjonar.

Overordna tyder (-)*ish* 'som minner om' og 'noko som minner om', høvesvis adjektivisk og nominal tyding. Vi har ein god del eksisterande konvensjonelle suffiks, ord og uttryksmåtar i norsk vi kan skrive (-)*ish* om til (*-aktig*, *om lag*, *på ein måte*, *liksom* osb.), men ikkje alle bruksmåtane let seg heilt enkelt skrive om.

I norsk blir (-)*ish* i hovudsak oppfatta som eit framandt element, og har ikkje eit eintydig eller ryddig bruksmønster. I engelsk har (-)*ish* gått gjennom grammatikalisering, leksikalisering og avgrammatikalisering.

Referansar

Kuzmack, Stefanie. Ikkje publisert (2007) *Ish*: A new case of antigrammaticalization University of Chicago.

Morris, Lori (1998) A toughish problem: The meaning of *-ish*. *Lacus Forum,* 24.

Nilssen, Signe (2015) *'Ei raudgrøn-ish dame som meg': Grammatisk og semantisk om det engelske (-)*ish *brukt i norsk*. Mastergradsoppgåve, Universitetet i Bergen

Traugott, Elizabeth Closs og Trousdale, Graeme (2013) *Constructionalization and constructional changes,* Oxford, Oxford University Press.

Oda Røste Odden, Universitetet i Oslo

Likheter og forskjeller mellom flere slags typekonstruksjoner i norsk og svensk

Ord med betydninga *kategori/type* oppfører seg idiosynkratisk i flere språk. Idiosynkrasiene har påfallende likheter på tvers av språk. Ph.d.-prosjektet mitt handler om de norske og svenske typeordene *slags, sorts* og *typ(e).* Jeg vil presentere utgangspunktet for prosjektet – blant annet resultater og observasjoner fra arbeidet mitt med masteroppgava om ordet *slags*, tidligere litteratur og stikkprøver fra korpus – og diskutere hva som er interessant å finne ut videre og hvordan.

Ord som svenske og norske *slags, sorts* og *typ(e),* engelske *kind of, sort of* og *type of,* og f.eks. *tipo* i spansk, kan alle betegne konseptet *kategori* eller fungere som en demper (*hedge*). I "På butikken har de én slags poteter -- nemlig kerrs pink," betegner *slags* en kategori, men i "De serverte en slags grønne poteter," kan det markere at taleren tar et forbehold om den språklige kategoriseringa – er det egentlig poteter?

Grammatisk har de nevnte typeordene idiosynkratiske og varierende egenskaper. I binominale konstruksjoner er kongruensmønsteret uklart eller avvikende: *et slags menneske,* men *en slags mennesker,* og både *en sorts spel* og *ett sorts spel* i svensk. Flere av typeordene kan også fungere adverbialt. Slik bruk har blitt analysert som et resultat av en grammatikaliseringsprosess ved svensk *typ,* de engelske typeordene og *tipo* i argentinsk (Rosenkvist og Skärlund 2011, Brems 2011 og Huseby 2010). Også i norsk kan *typ(e)* fungere som adverb og diskursmarkør: "[en jente] som typ bare tenker på hasj," og "Typ, bare loker litt rundt på nett […]" (fra nett).

Jeg skal kartlegge bruken av typeord i norsk gjennom korpusundersøkelser, og se disse i sammenheng med annen forskning på typekonstruksjoner. Det kanskje mest ambisiøse målet for prosjektet er å svare på hvorfor disse typekonstruksjonene har så mange felles idiosynkratiske egenskaper. Arbeidshypotesene er (i) påvirkning mellom konstruksjonene, både innafor ett språk og mellom språk, og (ii) inherente egenskaper ved typeord, både egenskaper ved konseptualiseringa av kategorier og hvilke kontekster typeord ofte blir brukt i.

Brems, Lieselotte. 2011. *Layering of Size and Type Noun Constructions in English.* de Gruyter Mouton: Berlin.

Huseby, Stine. 2010. *Las funciones de tipo como marcador del discurso en el lenguaje juvenil de Buenos Aires: Un estudio descriptivo.* Masteroppgave, Universitetet i Bergen.

Rosenkvist, Henrik og Sanna Skärlund. 2011. "Grammatikalisering i nutid – utvecklingen av *typ* fram til 2009". *Språk & Stil* 21, 5–25.

Anja Zawadzka Persvold, UiB

Subnormvariasjon i bokmål: en analysator

Hvorvidt kan en bokmålstekst kategoriseres som "radikal" eller "moderat" med tanke på subnormer, og er bruken av subnormer konsistent? Kan allerede eksisterende leksikalske ressurser og verktøy brukes for å undersøke en teksts subnorm(er)?
I mitt masterprosjekt ved UiB har jeg utarbeida en analysator for subnormer i bokmål. Analysatoren viser hvor mange ord i en tekst som tilhører de forskjellige subnormene: nøytral (uten alternativ form), moderat, radikal og unormert. Den lister opp de mest frekvente orda i disse subnormene.
Ett av utgangspunktene var ordlisten fra SCARRIE (De Smedt og Rosén 1999) som har subnormtrekk, men hadde behov for oppdatering for å følge dagens rettskrivning. En annen utfordring var at noen ord (f.eks. *kvitt*) er homonymer tilhørende forskellige subnormer i ulike betydninger. Derfor ble en eksisterende morfologisk tagger, Freeling (Marco 2014), brukt til disambiguering, i kombinasjon med Norsk Ordbank,[1] som har samme morfosyntaktiske trekk som taggeren.
Analysatoren benytter to utarbeida ordlister: ei *stilordliste* over alle ord som har subnormtagger, og ei *homonymliste* med ord som skrives likt, men har forskjellig subnorm. Ordlistene brukes for subnormklassifikasjon, og for å finne andelen ord som ikke finnes i ordlistene. Sistnevnte er viktig for å finne ut hvor stor del av teksten som ikke ble subnormklassifisert; dette kan peke på subnormanalysatorens nøyaktighet. Analysatoren ble testet med tekster fra *Norsk aviskorpus* i tidsrommet 2005-2014. Resultatene viser at Aftenposten bruker flere moderate ord enn Klassekampen, og at sistnevnte inneholder flest radikale ord. Aftenposten har f.eks. hyppige forkomster av *tiden*, mens Klassekampen har *tida*. Det er likevel en viss overlapp mellom de mest frekvente moderate og radikale ordene i begge avisene. Blant de mest frekvente moderate ordene i Aftenposten samt Klassekampen er *siden, hvis, ham, vet og årene*. Frekvente radikale ord er bl.a. *etter* og *fram*. I Aftenposten finnes også ord som *tyve, tredve*, samt *chip*, som ikke er med i offisiell retskrivning. Resultatene kan tolkes slik at radikale former brukes lite, men brukes ofte der deres moderate varianter er svært markerte. Ordet *etter* oppfattes ikke særlig radikalt.
Verktøyet og de tilhørende ordlistene som ble utviklet har stort potensiale for å støtte empiriske undersøkelser av faktisk språkbruk i språkpolitikkens tjeneste. Videre forskning som kan bygge på disse resultatene er utarbeiding av ei ordliste for dagens bokmål med informasjon om subnormer, og forbedring av analyseverktøyet slik at det tar høyde for nye sammensetninger og nyord, navn m.m.

De Smedt, K og Rosén, V. (1999). Datamaskinell skrivestøtte. Lindgren, Birgitta (Ed.) *Språk i Norden 1999* (pp. 20-32). Oslo: Novus.

Marco, C. S. (2014). An open source part-of-speech tagger for Norwegian: Building on existing language resources. In *Proceedings of the Ninth International Conference on Language Resources and Evaluation (LREC'14)*, Reykjavik, Iceland. ELRA.

1 http://www.nb.no/sprakbanken/show?serial=sbr-5&lang=nb

Margunn Rauset og Torodd Kinn, UiB

På kva måtar kan barnet kastast ut med badevatnet?

I innlegget vårt skal vi sjå på kor mykje ein kan variere og leike med frasen i overskrifta før han ikkje er til å kjenne att. Historisk er utgangspunktet det tyske *das Kind mit dem Bade ausschütten*. Det eldste belegget ein kjenner, er frå 1512 og den satiriske boka *Narrenbeschwörung* av Thomas Murner, og frasen har sidan blitt teken i bruk i mange europeiske språk. Vi skal undersøkje bruken av *kaste barnet ut med badevatnet* i dag, hovudsakeleg på norsk, men òg med eit sideblikk til svensk og dansk. Vi brukar undersøkingar i korpus og på nettet til å drøfte potensialet for variasjon i faste uttrykk i lys av variasjonen i dette.

For sjølv om mange truleg tenkjer på denne frasen som relativt fiksert, viser korpusundersøkingar at han blir brukt med ein fasinerande leksikalsk og syntaktisk variasjon. Han har tre leksikalske variasjonspunkt: verbet, objektet og utfyllinga til *med*, der vi kanskje kan rekne *kaste*, *barn* og *badevatn* som dei sentrale orda. Ein kan veksle mellom å bruke *kaste*, *slå*, *helle*, *skylje*, *sleppe*, *forsvinne*, *ryke* m.m. som verbal, og verbet kan stå både i aktiv og passiv. Det er mindre variasjon på dei andre punkta, og det kan vere naturleg å sjå på dei som kjerneorda i frasen. Men fleksibiliteten viser seg på dei punkta òg. Ser vi på synonym, kan *barn* erstattast med *unge* og *baby*, og *badevatn* kan skiftast ut med til dømes *vaskevatn* og *skyljevatn*.

Av syntaktisk variasjon kan vi nemne at *barnet* (eller synonym) oftast står som objekt i frasen, men det hindrar ikkje at det stundom er subjekt: «Om barnet skulle forsvinne med badevannet, får heller være». I tillegg kan ein *kaste barnet ut* («Her har man kastet babyen ut med badevannet, sier Harald Hove (V)») eller *kaste ut barnet* («Slike innvendingar […] står i fare for å hive ut barnet med badevatnet »).

Det ser ut til at frasen er særleg veleigna til språkleg leik og kreativitet. Vi finn mange døme på at ein held fast ved eitt av kjerneorda, men kan erstatte det andre relativt fritt, som i «Harald Eia kaster hjernen ut med badevannet». Andre går endå lenger og erstattar begge kjerneorda, men koplinga til *barn og badevatn* framstår likevel som klar: «Snakk om å kaste melkekua ut med møkkalasset». Er dette ein allusjon til *kaste barnet ut med badevatnet,* eller kan vi rekne det som ein variant av frasen? Kor fleksibelt kan eit uttrykk vere, men framleis bli oppfatta som fast? Kva er det som gjer det mogleg å kjenne att variantar og avartar av frasen når ingen leksikalske ord ligg fast og syntaksen òg er variabel?

Brita Ramsevik Riksem, NTNU

Språkblanding i amerikanorske nomenfrasar

Amerikanorsk er språket som vart snakka av nordmenn som immigrerte til Amerika på 1800-talet og byrjinga av 1900 -talet, og nokre av etterkomarane deira, og det utgjer ein norsk varietet der ein også finn mange engelske innslag. På denne måten er amerikanorsk ei rik kjelde til språkblanding, eit fenomen der språkbrukaren nyttar element frå to språk i ei og same ytring. Nokre døme på språkblanding i nomenfrasar er viste i døma under [1].

(1) a) ei **nurse** b) et **walnut** c) en **chainsaw**
(2) a) **field**-a b) **shed**-et c) **road**-en
(3) a) **boss**-er b) **sportsgame**-ne
(4) a) **birthday**-en hennes b) **deck**-en hans

Døma i (1)-(4) viser det typiske mønsteret for språkblanding i amerikanorske nomenfrasar, nemlig engelske nomen som opptrer med norsk artikkel (1), med norsk suffiks (2 og 3) og i ei norsk ordstilling (4). Dette vitnar om eit ulikt styrkeforhold mellom dei involverte språka: Norsk sørgjer for syntaksen og funksjonsmorfema, medan engelsk bidreg med innhaldsord.

I dette innlegget vil eg gi ein analyse av slike blandingstilfelle. Ein grunnhypotese her er at språkblanding er generert av språkkompetansen vår på same måte som ikkje-blanda språkbruk, altså utan spesielle blandingsmekanismar. På denne måten gir språkblanding, og systematikken vi finn der, også viktig innsikt i nettopp språkkompetansen vår. Modellen eg vil legge fram i dette innlegget, handterer språkblanding på same premiss som ikkje-blanda språkbruk.

Meir spesifikt vil eg argumentere for at ei såkalla eksoskeletal tilnærming til grammatikk er godt rusta til å analysere blandingsdata som desse. Grunnsteinen i ei slik tilnærming er tanken om at syntaktiske strukturar er uavhengig genererte og utgjer ei slags ramme som leksikalske element kan setjast inn i. Innsetjinga er vidare forskjellig for funksjonsmorfem og innhaldsord: Funksjonsmorfema er realiseringar av trekkmatriser i strukturen, medan innhaldsorda er stammar som kan setjast inn i eigne, opne plassar i strukturen. Modellen kan derfor forklare blandinga ved at engelske stammar blir sette inn i opne posisjonar i ein elles norsk struktur, medan funksjonsmorfema blir realiserte som norske, då desse må oppfylle krav sett av trekkmatrisene i strukturen.

I tillegg til den typiske blandinga, vil eg ta føre meg nokre tilfelle som viser ei diakron endring i blandingsmønstra i amerikanorske nomenfrasar. Døma i (5) manglar realiseringa av det bestemte suffikset i norsk, medan døma i (6) i tillegg har ein engelsk determinativ – tilfelle som Einar Haugen (1953) skildra som fråverande eller ikkje tillatne i materialet sitt.

(5) a) denne **cheese** b) denne **country**
(6) a) **the** by b) **the** ungdom

I innlegget vil eg vise korleis også desse kan gjerast greie for i ein eksoskeletal modell.

[1] Alle døma, (1)-(6) er henta frå NorAmDiaSyn-korpuset (Johannessen 2015).

Tina Louise Ringstad

Om kvifor me treng ein norsk standard for transkripsjon og tagging av barnespråkskorpus

Eit barnespråkskorpus frå Trøndelag (Ringstad 2015) har nyleg vorte samla inn og transkribert basert på opptak av Tuva, Idun og Ylva. Korpuset er publisert i databasen *CHILDES* (Child-Language Data Exchange System, ei av verdas største samlingar av språktileignings-- og barnespråksmateriale), og følgjeleg er alt materialet handsama og transkribert etter klare standardar utvikla for CHILDES. Dei vala ein tar når ein transkriberer, glossar og taggar eit korpus har konsekvensar for korleis ein seinare kan gjere søk i korpuset. Likevel er ikkje det nye korpuset tagga eller standardisert- til verken bokmål eller nynorsk fordi det ikkje finst nokon norsk standard for CHILDES-- transkripsjon (*CHAT*) eller tagging. I dette innlegget vil det difor verte lagt vekt på kor viktig det er at me får utarbeidd ein norsk standard for både denne transkripsjonen, og for leksikalsk og morfologisk tagging. I tillegg vil det verte kasta lys over kva som potensielt kan la seg standardisere i norsk, og kva som kanskje ikkje kan det.

Sjølv- om CHILDES har godt utarbeidde retningsliner for transkripsjon og tagging, inneber

CHAT--transkripsjon eit par hinder. Somme av desse hindra er universelle, og handlar til dømes om at born ofte pratar utydeleg og at det difor er vanskeleg å oppfatte kva som vert sagt (1), eller at ein kjem opp i vanskelege tolkingssituasjonar der ein ikkje veit om barnet ytrar fleire enkeltord, ei ytring eller ei setning (2). Dette er utfordringar me kanskje ikkje kan gjere noko med.

1) TUVA: her stia [: stige] [?] Tuva 2;1.18
2) YLVA: biola ikke skei. Ylva 2;1.17

Nokre av hindra er likevel meir eller mindre språkspesifikke, og mange av desse- kan me gjere noko med – ved å lage ein norsk standard for transkripsjon og tagging i CHAT--formatet. Ved å lage ein slik standard med ei fast leksikalsk- og morfologisk inndeling av norske ord og morfem, vil det ein kan søke etter i eit CHILDES-- korpus verte omtrent uendeleg utvida. I dette innlegget vil det verte nytta relevante døme frå barnespråkskorpuset frå Trøndelag for å syne kvifor det er så viktig å utarbeide retningsliner for norsk transkripsjon og tagging for CHILDES. Til dømes bør me vite om me skal klassifisere verbet *trenge* (3) i ein sterk verbklasse, som gjeld for mange norske dialektar, eller ein svak verbklasse, som òg gjeld for mange norske dialektar, eller om det skal få ein eigen verbklasse.

3) Å så treng han ei skilpadde (Idun 2;6.9)

Særskilde val for dialekt--- og målformstandardisering, eller glossing, vil òg verte diskuterte. Skal ein markere spesielle dialektord i transkripsjonen, og kva er spesielle dialektord? Dersom ein skal glosse ytringar i ei standard målform, kva for ei skal det vere (4)?

4) MOR: mamma ser nånn som sitt i vogna si og søv .
%glsBM: mamma ser noen som sitter i vogna si og sover .
%glsNN: mamma ser nokon som sitt i vogna si og søv.

Ringstad, T. 2015. Barnespråkskorpus frå Trøndelag. *CHILDES Database.*

http://childes.psy.cmu.edu

Linn Iren Sjånes Rødvand, Universitetet i Oslo

Undersøkelse av 3SG-pronomen i amerikanorsk

Har norskamerikanerne bevart de tre genusene vi har i norsk? Dette spørsmålet hører hjemme innenfor et større forskningsfelt på genustildeling hos andrespråksinnlærere og *heritage speakers* (nedarvingstalere). Generelt viser resultatene at disse gruppene ikke oppnår målspråkskonform kunnskap når det gjelder genus (Blom m.fl.; Foote m.fl.). Johannessen og Larsson (under utgivelse) har også diskutert dette for norskamerikanerne ved (manglende) kongruens i nominalfrasen i amerikanorsk. Derimot er det vanskelig å si om dette skyldes problemer i genustildeling eller i prosesseringen ved kongruens. Én måte å besvare dette spørsmålet på er tema og utgangspunkt for min masteroppgave: å få rede på pronomenformene for 3SG i amerikanorsk.

I germansk bestemmes tredjepersonspronomenets genus i varierende grad av både naturlig og grammatisk kjønn (Howe 1996), og vi finner ulike pronomensystemer innenfor den germanske greina. Et rent semantisk pronomensystem skiller mellom animate vesener som kan betegnes etter sitt biologiske kjønn (f.eks engelsk *he/she*) og inanimate enheter (*it*), mens et rent grammatisk system kun velger pronomenform etter nomenets grammatiske kjønn uavhengig av animathet. I de østnorske dialektene de fleste utvandrerne som kom til Midtvesten-området hadde, finner vi tradisjonelt et grammatisk system for 3SG. Siden norskamerikanerne som nedarvingstalere forventes å slite med genus i norsk, er det interessant å se på hvordan de da velger pronomen for 3SG. Gjennom et feltarbeid i Midtvesten med tre ulike elisiteringstester for pronomen ønsket jeg blant annet å kunne besvare følgende spørsmål:

1. Hvilke personlige pronomenformer finner vi i amerikanorsk for 3SG?
2. Hvilket system følger bruken av disse formene?

I dette foredraget vil jeg presentere dataene fra feltarbeidet. Vi skal se at vi stort sett kun finner pronomenformene *han, ho, det*, men at bruken avviker fra tradisjonell bruk, særlig for inanimate enheter. Valg av pronomen varierer både for en og samme taler og mellom talere, i tillegg til at det varierer i hvor stor grad pronomen i det hele tatt blir brukt. Den store graden av variasjon mellom talere indikerer at nedarvingstalere kan være vanskelig å behandle som en (homogen) gruppe, noe som må tas med i beregningen ved analyse av disse dataene.

Magnhild Selås og Ole-Jacob Vederhus, UiB

Kartlegging av pragmatiske ferdigheiter hos barn

Pragmatiske ferdigheitar er nødvendige for at ein samtale skal fungere godt. Dersom samtalpartnaren ikkje følgjer samtalekonvensjonane, vil samtalen kunne bli oppstykka, einspora eller avbroten. Verktøyet Children's Communication Checklist, 2. nd edition, CCC-2 , utarbeidd av D. Bishop, gir høve til å samle informasjon om kommunikasjon hos barn. Verktøyet ber føresette vurdere sju ulike påstander om ti ulike språk- og kommunikasjonsrelaterte tema, 70 spørsmål i alt, og dei føresette skal svare på kor ofte barna viser den åtferda som er skildra i spørsmåla. Verktøyet er omsett til norsk av Helland og Hollund-Møllerhaug og normert på norske barn, og har vist seg å fungere godt. Dette innlegget vil vise korleis en kan bruke dette verktøyet til å få innsikt i dei kommunikative ferdigheitane til norske barn i alderen 4-16;11. Fordi verktøyet baserer seg på rapportar frå dei føresette, er det lite problematisk for barna å delta, også barn i kliniske grupper.

Denne presentasjonen vil vise resultata frå to kliniske grupper som har blitt testa med CCC-2. Den eine gruppa er barn med Noonan syndrom. Det finst lite forsking på norsk om språkferdigheitane til denne gruppa. Internasjonal litteratur viser ingen spesiell fare for pragmatiske vanskar. I tillegg er ei gruppe barn med med leppe-, kjeve-, ganespalte kartlagt ved hjelp av CCC-2. Resultata viser at av 17 informantar med Noonan syndrom, har 75 % generelle kommunikative ferdigheitar under grenseverdien, mens 94 % skårer under gjennomsnittet for normeringsgruppa for sin alder. Dei 17 barna med leppe-, kjeve-, ganespalte skårer adekvat på generelle kommunikative ferdigheitar, men under gjennomsnittet på pragmatiske ferdigheitar. Vanskelegast ser det ut til å vere å tilpasse seg til konteksten.

Magnhild Selås, Ann-Kristin Helland Gujord, Edit Bugge, Randi Neteland, UiB

Språkleg praksis i ein fleirkulturell barnehage

Innlegget vil presentere eit prosjekt som er i startfasen, med ei undersøking av barns språk og språkmiljø i barnehagar i Bergen. Bakgrunnen for prosjektet er eit kommunalt prøveprosjekt der det blei vedtatt restriksjonar i talet på fleirspråklege barn i barnehagar i Bergen, og diskusjonen som oppstod i tilknyting til dette vedtaket. Ønsket i vårt prosjekt er å sjå i kva grad språklege ferdigheiter, vurdert gjennom foreldrerapportering, kartlegging i barnehagen og forskarstyrte testar og opptak samsvarer med analysar av kommunikative ferdigheiter i samspel mellom barn og barn og mellom barn og vaksne.

Første steg i studien er å beskrive det språklege miljøet og språkbruken hos barna i ein fleirspråkleg barnehage i Bergen, før det kommunale vedtaket om maksgrense for talet på minoritetsspråklege barn på 70% er sett i verk. Vi vil gå tilbake i barnehagen etter vedtaket har virka om lag eit halvt år. I tillegg vil vi bruke same innsamlingsmetode i ein bergensbarnehage som ligg på landsgjennomsnittet i forhold til talet på fleirspråklege barn.

Prosjektet har fleire siktemål: Eit viktig formål er å skaffe ny kunnskap om språktileigning og språkbruk i ulike språkmiljø. I tillegg vil vi også diskutere kva for ulike typar innsikter ein får gjennom ulike metodiske tilnærmingar til språkkartlegging i barnehagen, og kva for omsyn ein må ta når ein vil undersøke språk i moderne barnehagar.

Dette innlegget presenterer resultat frå den første innsamlingsrunden i prosjektet, med ei språkleg kartlegging av ni barn på ei avdeling der over 90% av barna hadde andre morsmål enn norsk.

Bror-Magnus Sviland Strand, UiT Noregs arktiske universitet

Finittheit i norsk barnespråk – ei empirisk undersøking

Born som tileignar seg ei rekke språk har blitt rapporterte å gå gjennom eit stadium der dei nyttar finitte (målspråksnære) setningar og ikkje-finitte setningar – så kalla rot-infinitivar – om kvarandre. Det har òg vore observert at born utelèt subjektet oftare i rot-infinitivar enn i finitte setningar, i språk der subjektet til vanleg ikkje kan utelatast (sjå t.d. Guasti, 2002), at born som regel plasserer det ikkje-finitte verbet (rot-infinitiven) *etter* negeringa og det finitte verbet *før* negeringa i språk der dette er korrekt leddstilling (t.d. skandinavisk, tysk, nederlandsk og fransk, sjå t.d. Westergaard (2009) og at rotinfinitivar sjeldan føerekjem saman med topikaliseringar og *kv-spørsmål* (med unnatak av engelsk, sjå t.d. Westergaard (forthcoming). Det har også vore rapportert at rotinfinitivar ofte blir nytta i ei *modal* tyding (sjå t.d. Josefsson, 2002). Desse punkta peiker i retning av at rot-infinitivar er eit morfosyntaktisk meir enn eit morfofonoligisk fenomen, dvs. det ser ikkje ut til å grunna i eit problem med å uttala bøyingsendingar på verbet (noko dei for øvrig har, og som medfører metodologiske utfordringar), men at det snarare grunnar i eit problem med den syntaktiske funksjonen *finittheit* og den vaksne bruken av denne.

I Strand (2015) ser eg på norske rot-infinitivar, slik som «jeg lese denne», og om ein kan snakka om eit «rot-infinitiv-stadium» også for norsk som alle norskspråklege born går gjennom. Eg ser òg på dei ulike variablane nemnde over, og viser at dei stemmer ganske godt også for norsk. Vidare vurderer eg nokre tidlegare forklaringar av rotinfinitiv-stadiet i lys av mine data, og gjer framlegg om ein forklaringsmodell
som ikkje føreset at barnespråk skil seg grunnleggjande frå vaksenspråket, men at rot - infinitivane er ei overgeneralisering av såkalla preskriptive infinitivar, som «gjømme seg inni der» med tydinga «gjøm deg inni der!». Preskriptive infinitivar er særskild vanleg i barneretta tale, og har vore beskrive av Janne B. Johannessen (submitted).

Datagrunnlaget for studien er 16 filer med spontan tale frå 12 einspråklege to-åringar som lærer seg norsk, som vart samla inn i 2014-2015 i eit prosjekt for å normera ein screening-test for norsk (sjå Kristoffersen, Simonsen, Ribu, Løver, & Strand, forthcoming).

Referansar:

Guasti, M. T. (2002). *Language acquisition: the growth of grammar*. Cambridge, Mass: MIT Press.

Johannessen, J. B. (submitted). *Child directed prescriptive infinitives: Discovering an ancient, yet alive, construction in the North Germanic languages*.

Josefsson, G. (2002). The Use and Function of Nonfinite Root Clauses in Swedish Child Language. *Language Acquisition: A Journal of Developmental Linguistics, 10*(4), 273-320. doi: 10.1207/S15327817LA1004_1

Kristoffersen, K. E., Simonsen, H. G., Ribu, I. B., Løver, M. A., & Strand, B.-M. (forthcoming). N-LARSP: a developmental language profile for Norwegian. In M. J. Ball, D. Crystal & P. Fletcher (Eds.), *More languages of LARSP*. Bristol: Multilingual Matters.

Strand, B.-M. (2015). *"Jeg lese denne" – Root infinitives in Norwegian child language and the functions of finiteness.* (MA), Uinversity of Oslo, Oslo.

Westergaard, M. R. (2009). *The acquisition of word order: micro-cues, information structure, and economy*. Amsterdam: John Benjamins.

Westergaard, M. R. (forthcoming). Word order and finiteness in acquisition: A study of English and Norwegian wh-questions. In K. M. Eide (Ed.), *Finiteness matters. On finiteness-related phenomena in natural language.* Amsterdam: John Benjamins.

Bror-Magnus Sviland Strand, UiT Noregs arktiske universitet
Eirik Tengesdal, Universitetet i Oslo

Variasjon i infinitivsmerket på Sørvestlandet

Forma på infinitivsmerket varierer i norske dialektar mellom *til, til å* og *å* (sjå m.a. Faarlund, 2003; Larsen & Stoltz, 1911-12). I tillegg kan infinitivsmerket etter nokre verb bli utelate (NRG, s. 996), noko som også varierer. Den same variasjonen finst også i svenske dialektar, og har blitt undersøkt av Hagren (2008). Etter det me veit har ikkje ein liknande studie blitt gjennomført for norske dialektar.

Utgangspunktet er en empirisk observasjon, nemlig at en på nettet kan finne eksempler som *ei venn, ei lærer, ei danske*. Slike eksempler er jo et klart normbrudd for mange av oss, og hvis dette blir vanlig språkbruk, er vi vitne til en språkendring. Jeg skal argumentere for at en slik språkendring vil passe godt inn i et bilde av hva som kan skje med genussystemer over tid – og Corbetts kongruenshierarki (for eksempel Grev Corbett 2006, Agreement, Cambridge). Jeg vil også foreslå en grunn til at denne typen eksempler er vanligere i bokmål enn i nynorsk.

Eksempler som dette bør nok også betraktes ut fra sosiolingvistiske perspektiver, men det kan jeg dessverre ikke gi like mye av. (Se også Enger & Corbett i JGL 2012, for eksempel.)

Arne Torp

Om jamning og preferanse for oblik kasusform i svake substantiv

Alle som kjenner litt til norske dialektar, veit at hokjønnsord som *gut(t)u* og *ho(s)o* er austnorske eller trønderske, og tilsvarande gjeld også for hankjønnsord som *hana/hånnå* og *bæ(t)a/båttå*. Det er også velkjent at desse formene svarar til normaliserte gammalnorske oblike former som *gǫtu, hosu* og *hana, beta*, og at slike gamle oblike grunnformer i svake substantiv i norske dialektar må ha samanheng med fenomenet jamvekt, ettersom dei berre finst på det området der me finn spor av jamvektsregelen. Vestnorske former av svake substantiv går derimot alltid attende på gammalnorske nominativsformer når det gjeld endingsvokalane, dvs. at hokjønnsord i *a*-måls-området alltid endar på *–a* og hankjønnsorda endar på *–e*, jf. gno. *gata, hosa* og *hani, biti*. Det ser altså ut som om det kan vere ein eller annan samanheng mellom jamvektsregelen og gammal oblik kasusform av svake jamvektssubstantiv, men korleis ein slik samanheng skal forklarast, har så vidt eg veit ingen prøvd hittil.

I Skandinavia finst det i dag berre éin dialekt som har bevart eit trekasussystem (alle fellesnordiske kasus utanom genitiv), nemleg tradisjonelt mål i Älvdalen i Sverige. Denne dialekten har også jamvektsaksent og jamning. På grunnlag av intern rekonstruksjon basert på moderne former frå ymse ordklasser i ein konservativ austnorsk dialekt som nordgudbrandsdalsk, som berre har kasusbøying i bestemt form dativ, har eg med utgangspunkt m.a. i det me finn i Älvdalen prøvd å rekonstruere den mellomnorske kasusbøyinga av svake substantiv i nordgudbrandsdalsk.

Med utgangspunkt i denne rekonstruksjonen vil eg så prøve å forklare kvifor det i stor grad er dei oblike formene av svake jamvektsord som overlever i austnorske dialektar, mens vestnorsk alltid ser ut til å velje nominativ endingsvokal i slike ord. Dette er det viktigaste resultatet eg vil presentere i innlegget mitt.

Eg lurer vidare på om dette kan ha skapt ein meir allmenn tendens til å velje oblik kasus framfor nominativ også i andre former av både substantiv og andre nominale ord i austnorsk og trøndersk, men dette er nok meir luftig spekulasjon enn vitskapleg resonnement.

Tove Bull, Universitetet i Tromsø

Andre språk enn norsk

Kapitlet "Andre språk enn norsk" kjem i band II ("Praksis") av språkhistoria. Det dreier seg om språk som har påverka norsk og andre språk enn norsk som er i bruk i Norge. Kapitlet har tre forfattarar i tillegg til meg, som er såkalla emneredaktør. Dei andre er Espen Karlsen (latin og gresk), Eli Raanes (norsk teiknspråk) og Rolf Theil (romani og vlachromani [ev. romanes]). Dei språka som ikkje eller i svært liten grad er omtala i eldre språkhistorier, har fått størst plass i denne samanhengen. Det gjeld samiske språk, finsk/kvensk, romani, vlachromani og norsk teiknspråk. Foredraget vil konsentrere seg om desse språka og trekkje fram ny innsikt som framstellingane gjev. Eg prøver altså å svare på spørsmålet: Kva nytt lærer vi her? Når det gjeld samiske språk og finsk/kvensk er hovudbodskapen at desse språka (iallfall samisk) har hatt mykje større innverknad på norsk enn det som går fram av eldre forsking. Som døme vil eg argumentere for at suffigert determinativ i nordisk er samisk substrat. Når det gjeld romani, vlachromani og norsk teiknspråk, dreier det seg ikkje om påverknad på norsk, men om det faktum at dette er språk som har vore brukte i Norge gjennom fleire hundre år. Eit svært kort riss av historia til desse språka i Norge vil bli gjeve til slutt.

Dugnadsgruppe 3

Språklæring og læring om språk. Skolen som lingvistisk arena.

Vil du bli med på dugnadsgruppe om skolen som språkarena?

Utdanningsinstitusjoner har til alle tider spilt en essensiell rolle i forbindelse med språklig og kulturell sosialisering. Et samfunns oppfatninger om språk – som nasjonalt symbol, som differensieringsmarkør og som verktøy for assimilering – blir formidlet og reprodusert, men også utfordret og refortolket, innenfor skolekonteksten. Skolen, og morsmålsfaget i særdeleshet, er derfor en viktig arena for utforskning av ideologier knyttet til språkbruk, språklæring og språkmestring.

Vi ønsker å invitere til en dugnadsgruppe med innlegg fra språkforskere som fra ulike ståsteder studerer skolen som lingvistisk arena. Særlig ser vi for oss å inkludere ulike didaktisk vinklete prosjekter der både ferdigheter *i* og kompetanse *om* språk inngår, men det er også rom for mer antropologisk anlagte studier av språk og språklæring innenfor rammene av norsk skole. Vi ønsker dessuten å tematisere forholdet mellom studiefaget nordisk og skolefaget norsk. Hvilke språklige disipliner, ferdigheter og kunnskaper er det som vektlegges i skolen, og på hvilke måter?

Dersom du kan tenke deg å bidra til denne dugnadsgruppa, ber vi deg sende et sammendrag på maks. 250 ord til Stian Hårstad før 20. august.

Ansvarlige arrangører:

Stian Hårstad, NTNU, Trondheim

Mari Nygård, Høgskolen i Sør-Trøndelag

Hilde Sollid, Universitetet i Tromsø

Leiv Inge Aa, Høgskulen i Sogn og Fjordane

Morsmålsmedvit og -tryggleik

Grammatikkomgrepet har ulike tydingar i språkforskinga og i skulen. Medan forskaren forstår grammatikk som morsmålskompetansen hjå språkbrukaren (heretter: G(rammatikk)1), handlar skulegrammatikken om (å kunne) eksplisitte reglar (særleg) for skriftspråk (heretter: G2). Grammatikkforskinga søkjer etter kunnskap om G1 (jf. Chomsky 1965: 8) og prøver metodologisk å *unngå* informantane sin kunnskap om G2 (Johannessen 2003, Aa 2015). Motsett kan ein i G2-læringa i skulen synast å unngå G1 i for stor grad. For elevar med ein norsk varietet som G1 bør òg norsk vere det viktigaste G2-skulefaget. G2-undervisinga blir tradisjonelt legitimert med m.a. formaldannings-, framandspråks-, språkdugleiks- og språkmedvitsargument (Hertzberg 1995), medan den *kreative* vinsten med G2, t.d. til skriving, blir tona ned (Hertzberg 2008, Fjørtoft 2014: 92). Nettopp språkleg kreativitet er eit kjernepunkt ved G1, og større medvit om G1 (eigen dialektgrammatikk) kunne og burde vere forløysande for G2-kunnskapen og skriving i neste omgang (jf. Sandøy 1996: 21).

Ein kjend G2-myte er at subjunksjonen *å* må ta infinitiv; skriveregelen «Bruk *å* berre framfor infinitiv» lever seinast i Søyland & Fretland (2015: 89). Men om ein torer å stole på G1, vil ein kunne få fram fleire nyansar i skrivinga enn ein avgrensande G2 tillèt, t.d. til å uttrykkje kontrafaktivitet med *å* utan infinitiv: «Det kunne vori freistande å teki fem minuttar no …» (Tarjei Vesaas: *Fuglane*, 164). Eg vil argumentere for at skrivinga blir rikare dersom ein er medviten om og trygg på eigen G1, men eg vil òg diskutere potensielle problem når G1 «kolliderer» med ein etablert G2.

Kjelder:

Chomsky, N. (1965). *Aspects of the Theory of Syntax*. Cambridge, MA: MIT Press.

Fjørtoft, H. (2014). *Norskdidaktikk*. Bergen: Fagbokforlaget.

Hertzberg, F. (1995). *Norsk grammatikkdebatt i historisk lys*. Oslo: Novus.

Hertzberg, F. (2008). «Grammatikk?». M.E. Nergård & I. Tonne (red.). *Språkdidaktikk for norsklærere. Mangfold av språk og tekster i undervisningen.* Oslo: Universitetsforlaget.

Johannessen, J. B. (2003): «Innsamling av språklige data. Informanter, introspeksjon og korpus.» J.B. Johannessen, S. Erlenkamp, E. Lanza & A. M. Vonen (red.): *På språkjakt – problemer og utfordringer i språkvitenskapelig datainnsamling*. Oslo: Unipub forlag: 133–171.

Sandøy, H. (1996). *Talemål*. Oslo: Novus.

Søyland, A. & J.O. Fretland (2015). *Norske skrivereglar. Reglane du treng for å skrive på papir og skjerm*. Oslo: Samlaget.

Aa, L.I. (2015). «Talemålskorpus og grammatikkforsking», ms., *Norsk lingvistisk tidsskrift* 2/2015.

Toril Opsahl, og Unn Røyneland UiO

Rytmisk reforhandling – om relasjonen mellom hiphop og språkmangfold i norskfaget

Norskfaget – slik det kommer til uttrykk i læremidler, og slik det er nedfelt i planverk – er en viktig kilde til innsikt i hvordan holdninger til språklig mangfold blir etablert og reforhandla. I innlegget vårt tar vi utgangspunkt i lærebøker for norskfaget for vgs. som har kommet ut etter revidert norskplan, og vi viser hvordan framstillinga av moderne språklig mangfold henger tett sammen med hiphopkulturelle uttrykk.

Flere forskningsarbeider om språk og identitet blant ungdommer i urbane, multietniske miljøer i Norge løfter fram hiphopens sentrale rolle for etableringa av nye talestiler (Cutler & Røyneland 2015; Brunstad, Røyneland og Opsahl 2010). Samtidig finner vi vitnesbyrd om at denne språkbruken – gjerne referert til som «kebabnorsk» (Ims 2014) – er til hinder for unges muligheter på arbeidsmarkedet (Svendsen 2014). Flere oslobaserte rap-grupper har tatt et tydelig standpunkt mot en idé om at multietnolektiske talestiler er en trussel mot det norske språket: Med det som synes som både ideologiske og didaktiske intensjoner i tekstene sine, argumenterer de for at vi har å gjøre med en berikelse av norsk. Rapperne deltar aktivt i registergjøringsprosesser (Agha 2007), både ved å navngi, bruke og etablere en *stedstilhørighet* for talestilen. Flere av tekstene er tatt inn i nyere norsklæreverk, og de bidrar til en utvidelse og reforhandling av en klassisk forståelse av norsk talespråksvariasjon. Stedshevdinga i tekstene, og også enkelte redaksjonelle grep i lærebøkene, ser ut til å knytte multietnolektisk stil til en klassisk dialektologisk framstilling av språkmangfold. Vi kan utskille iallfall tre motstridende ideologier koplet til multietnolektiske stiler, som kan vise seg å få didaktiske konsekvenser.

Benthe Kolberg Jansson, Høgskolen i Østfold
Hilde Traavik, Høgskolen i Bergen,

Tidleg start med skriving på både nynorsk og bokmål

Norske skoleelevar skal lære å lese og skrive nynorsk og bokmål og etter 10. trinn ha likeverdig kompetanse i begge (LK06). Tidleg start med begge skriftspråka kan vere ein måte å oppnå slik kompetanse på.

Å lære å skrive bokmål som sidemål er oftast resultat av uformelle læringsprosessar som startar tidleg. Elevar med bokmål som hovudmål utviklar oftast ikkje kompetanse i nynorsk på same måte. Enkelte studiar, og resultata våre, tyder likevel på at bokmålselevar kan utvikle slik kompetanse tidleg, dersom dei får høve til å lese og skrive på nynorsk, til utprøvande skriving og til kontrastivt språkarbeid (Skjevrak 2006, Traavik & Jansson 2014).

Formålet med prosjektet «Tidleg start med skriving på nynorsk og bokmål» er å få kunnskap om konkret skrivekompetanse og prosessar i utviklinga av denne kompetansen. Vi håper å kunne bidra til forskingsbasert undervisningspraksis når det gjeld tidleg start med «den andre målforma».

Det teoretiske rammeverket er knytt til ulike funksjonar skriving kan ha, skriveutvikling og barns utforsking av språket. Materialet er først og fremst elevtekster, og tilnærminga er i all hovudsak kvalitativ.

Funna våre tyder på at viktige faktorar for tidleg å utvikle kompetanse i skriftleg nynorsk, er motivasjon for skriving, metaspråkleg medvit og «overføring av identitet» frå talt dialekt til skriftleg nynorsk (Jansson 2012). I delprosjektet vi skal presentere, samanliknar vi skrivekompetanse på nynorsk og bokmål hos eit utval elevar på 4. og 7. trinn. Som utgangspunkt for samanlikninga brukar vi forventningsnormene utvikla i NORM-prosjektet (Solheim & Matre 2014). Resultata av analysane viser at mange elevar er habile skrivarar på begge målformer allereie på barnesteget.

Litteratur:

Jansson, B. K. (2012). Tidlig start med skriving på begge målformer. I Matre, S. og Skaftun, A. (red.): *Skriv! Les!* Trondheim, Akademika forlag

Jansson, B.K. & Traavik, H. (2014). Skriving og lesing på bokmål og nynorsk. I Jansson, B.K. og Traavik, H. (red.) *Norskboka 2. Norsk for grunnskolelærerutdanning 1-7*. Oslo, Universitetsforlaget

Kunnskapsdepartementet (2006). *Læreplaner for Kunnskapsløftet* (LK06). Læreplaner for gjennomgående fag i grunnskolen og videregående opplæring. Oslo, Utdanningsdirektoratet

Skjevrak, M. (2009). *«Eg skjønnar ikkje, Kvorfor Det?» Sjetteklassingar skriv seg inn i nynorsken*. Masteroppgåve i norskdidaktikk. Trondheim: Høgskolen i Sør-Trøndelag.

Solheim, R. & Matre, S. (2014). «Forventninger om skrivekompetanse. Perspektiver på skriving, skriveopplæring og vurdering i «Normprosjektet» i *Viden om Læsning* (15) s. 76-89.

Jorunn Aske, Høgskolen i Bergen
Sofie Emilie Holmen, Høgskulen i Volda

Staveferdigheter i bokmål på 5., 6., 8. og 9. trinn

I denne presentasjonen vil vi beskrive og diskutere elevers staveferdigheter i bokmål med utgangspunkt i diktater 2368 elever har skrevet tilknyttet Carlstens lese- og rettskrivingsprøve (Carlsten 2012). Undersøkelsen er en del av forskningsprosjektet *The function of special education* ledet av Peder Haug ved Høgskulen i Volda.

Det er to hovedstrategier for staving: fonologisk og ortografisk. Fonologisk stavestrategi innebærer at eleven lytter seg fram til hvilke fonemer det er i et ord og skriver ned de korresponderende bokstavene. Ortografisk stavestrategi innebærer at eleven staver ordene etter gjeldende ortografiske regler. Ortografisk stavestrategi læres senere enn fonologisk, men begge strategiene brukes hele tiden (Bråten 2003).

I skriveforskningen er det vanlig å snakke om utvikling av barns skriveferdigheter i stadier (se bl.a. Bråten 2003; Høien 2003; Høigård 2013; Lyster 2012; Skaathun 2000). Å ha kunnskap om hvordan skriveprosessen vanligvis utvikler seg er viktig for å kunne identifisere eventuelle utfordringer som elever kan ha. Når elevene når 5. trinn, har de fleste nådd det øverste stadiet i skriveutviklingen. Likevel strever mange med rettskrivingen.

I analysen vil vi vise antall og typer stavefeil i diktatene på 5., 6., 8. og 9. trinn (om kategorisering av stavefeil, se bl.a. Skaathun 2007; Finbak 2005; Wiggen 1982). En slik analyse kan antyde hvilke utfordringer elever har med rettskriving og gi læreren informasjon om hva som bør vektlegges i undervisningen på mellomtrinnet og ungdomstrinnet. Vi vil likevel understreke at vi er klar over analysens begrensninger i et mer overordnet perspektiv på skriveopplæring.

Kilder:

Bråten, Ivar (2003): «Staving. Utvikling, strategier og undervisning» I: Austad, I (red.): *Mening i tekst*. Cappelen akademiske forlag: Oslo

Carlsten, Carl Thomas (2012) *Lærerveiledning 5., 6., 8., 9. klasse. Norsk rettskrivings- og leseprøve for grunnskolen.* (8. opplag) Oslo: N.W. Damm & Søn AS

Finbak, Liv (2005): «Analyser av stavefeil». Spesialpedagogikk nr. 9.

Høien, Torleiv (2003): "Avkodingsstrategier og leseutvikling" I: Austad, I (red.): *Mening i tekst. Teorier og metoder i grunnleggende lese- og skriveopplæring*. Cappelen Akademiske forlag.

Høigård, Anne (2013). *Barns språkutvikling- muntlig og skriftlig*. Oslo: Universitetsforlaget Lyster,

Solveig- Alma Halaas (2012*): Elever med lese- og skrivevansker. Hva vet vi? Hva gjør vi?* Cappelen Damm Akademisk.

Skaathun, Astrid (2000) *Den normale staveutviklinga*. Stavanger: Høgskolen i Stavanger. Senter for leseforskning

Skaathun, Astrid (2007): Staveferdigheit. Ei undersøking av stavetileigning i norsk barneskole. Universitetet i Stavanger.

Wiggen, G. (1982) Rettskrivingsstudier 1. Oslo: Novus forlag

Jan Kristian Hognestad, Universitetet i Stavanger

Språkstrukturelle emner: fremdeles et stebarn i skolefaget norsk?

Gjennom en årrekke har den plassen (og legitimiteten) språkstrukturelle emner har hatt i skolens norskfag, vært diskutert (for eksempel Hertzberg 2008). Utviklingen mot et multispråklig Norge og den eksplisitte viljen til å innføre kontrastive perspektiver i faget som de siste læreplanene demonstrerer, aktualiserer nok en gang disse spørsmålene. Legger vi den siste revisjonen av norskplanen for det 13-årige skoleløpet (2013) til grunn, er det belegg for å si at de språkstrukturelle emnene er noe styrket.

Samtidig ser vi tilløp til en diskusjon om kunnskapsinnholdet i norskfaget utløst av Ludvigsen-utvalgets innstilling om framtidas skole (2015). Et fokus her er om literacy-tenkningen som gjeldende læreplaner er fundert på, kan tenkes å disponere for et norskfag med sterkere instrumentelt preg, slik at de tradisjonelle innholdselementene i faget er i faresonen. Når det gjelder språkstrukturelle emner, kan det i så fall være et spørsmål om det vil bli livsbetingelser for noe annet enn den helt tradisjonelle normative skolegrammatikken. Flere stemmer (Hognestad 2013, Lohndal 2014) har nettopp pekt på mulighetene for å inkludere mer deskriptivt orienterte perspektiver i faget.

Et moment som ikke har vært mye framme, er spørsmålet om studieforberedelse. En av norskfagets mange oppgaver er å forberede elever på studiespesialiserende program i videregående skole til videre studier i norsk – og andre språkfag. Hva skal til for å være studieforberedt i lingvistiske emner?

Innlegget vil formidle noen tanker om disse tingene og gjøre tre punktnedslag for å avlese aktuelle fagdidaktiske tendenser: i de sist utkomne lærebøkene for a) ungdomstrinnet, b) videregående skole og c) norsk fagdidaktikk ved lektorprogram og PPU.

Litteratur:

Hertzberg, Frøydis 2008: Grammatikk? I Nergård & Tonne: *Språkdidaktikk for norsklærere*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hognestad, Jan K. 2013: Språkdelen av norskfaget – i læreplan og klasserom. *Norsklæreren* nr. 2/2013, s. 24-29.

Lohndal, Terje 2014: Hva er norsk språk anno 2014? Språkblanding og flerspråklighet: Teoretiske og didaktiske perspektiver. *Norsklæreren* s. 28 - 33.

Ludvigsen-utvalgets rapport: https://blogg.regjeringen.no/fremtidensskole/files/2015/06/NOU201520150008000DDDPDFS.pdf

Læreplan for norskfaget i skolen, revisjonen av 2013: http://www.udir.no/kl06/NOR1-05

Gudrun Kløve Juuhl, Høgskulen i Volda

Eli Bjørhusdal, Høgskulen i Sogn og Fjordane

Nynorsk språkdidaktikk – kvifor og korleis?

Hovudføremålet her er å diskutera om og korleis skriftspråket til barneskuleelevar med nynorsk som fyrsteskriftspråk er påverka av bokmål. Dessutan vil me lansera nokre prinsipp for det didaktiske arbeidet med dette.

Det er ikkje uvanleg at mindretalsspråk er utsette for interferens frå majoritetsspråk (Nettle og Romaine 2000). Observasjonar i fleire undersøkingar av skrivedugleiken til norske elevar har då òg peikt på bokmålsinterferens i rettskriving og formverk hjå elevar med nynorsk som hovudmål (Matre m.fl. 2011; Skjelten 2013; Fiskerstrand 2008; Søyland 2002).

For å kunne vera sikrare på korleis bokmålinterferens i nynorske elevtekstar artar seg, analyserer me no elevtekstar frå korpuset til Normprosjektet (Skrivesenteret, 2015), som prosjektet vårt er satellitt under. Materialet er alle tekstar skrivne av sjetteklassingar med nynorsk som hovudmål i dette korpuset, dvs. ca. 120 tekstar.

Me ser etter om lag 70 morfologiske og fonologiske feiltypar. Det vil seia avvik frå nynorsknorma som er samanfallande med bokmålsnorma, til dømes at a-verb vert bøygde som e-verb i presens (*angrer, venter*) eller at diftong vert til monoftong (*helt for heilt, ble for blei*). Dessutan vil det seia avvik som ein kan argumentera for hentar mønster frå bokmål, til dømes at substantiv i hokjønn får hankjønnsbøying i bunden og ubunden form eintal, altså felleskjønn (*ein bok, hjelpen*).

Formell meistring av norma i fyrsteskriftspråket nynorsk er i liten grad adressert av norsk- og skrivedidaktikken i dag (jf. Nergård og Tonne 2008, Smidt 2009, Traavik og Kolberg Jansson (red.) 2013 og 2014). Me vil gjerne diskutera om meir *eksplisitt* opplæring i nynorsk formverk og rettskriving kan medverka til større språksystematisk meistring hjå nynorskelevar.

Litteratur

Fiskerstrand, Pernille. (2008). *Den internaliserte nynorsknormalen. Om oppfatta nynorsk hos eit utval nynorskelevar.* Upublisert masteroppgåve, Universitetet i Agder.

Matre, Synnøve, m.fl. (2011). *Developing National Standards for the Teaching and Assessment of Writing.* Rapport frå forprosjekt Utdanning 2020.

Nergård, Mette Elisabeth, og Ingebjørg Tonne. (2008). Språkdidaktikk for norsklærere. Mangfold av språk og tekster i undervisningen. Oslo: Universitetsforlaget.

Nettle, Daniel, og Suzanne Romaine. (2000). *Vanishing voices. The extinction of the world's languages.* Oxford: Oxford University Press.

Skjelten, Sidsel Merete. (2013). *Jakta på kvalitetsforskjellar i elevane sine tekstar. Kva skil gode tekstar frå middels gode?* Universitetet i Oslo.

Skrivesenteret. (2015). *Normprosjektet. Developing national standards for the assessment of writing. A tool for teaching and learning* http://norm.skrivesenteret.no/. *Henta* 19.08.2015.

Smidt, Jon. (2009). *Norskdidaktikk. Ei grunnbok.* Oslo: Universitetsforlaget.

Søyland, Aud. (2002). *Typar feil i nynorsk*. Upublisert manuskript. Oslo: Norsk språkråd. Traavik, Hilde og Benthe Kolberg Jansson (red.) (2013). *Norskboka 1*. Oslo: Universitetsforlaget. Traavik, ilde og Benthe Kolberg Jansson (red.) (2014). *Norskboka 2*. Oslo: Universitetsforlaget.

Stian Hårstad, NTNU, Trondheim

Læring om normering – et eksperiment med norsklærerstudenter

Det norske språksamfunnet har i flere sammenhenger blitt omtalt som et sosiolingvistisk laboratorium og eksperiment på grunn av den særegne språkplanleggingshistorien (jf. f.eks. Haugen 1972, Wiggen 1995). Språkhistorien har da også hatt en rimelig sentral plass som undervisningsemne i skolen, noe som trolig har gitt nordmenn flest en grunnleggende forståelse av hva språkplanlegging innebærer.

Dette innlegget skisserer et undervisningsopplegg i lærerutdanninga om språknormering og -planlegging basert på induktive metoder. Foruten å prøve ut hvordan denne tematikken kan didaktiseres mer generelt, gir opplegget innsikt i hvilke normeringsprinsipper unge språkbrukere, i dette tilfellet lærerstudenter, intuitivt velger å legge til grunn for et tenkt språkplanleggingsarbeid. Ikke overraskende er demokratiske prinsipper de mest framtredende, men også pedagogisk funderte normeringsprinsipper blir hyppig løftet fram. Etymologiske prinsipper er derimot nærmest fraværende i materialet.

Haugen, Einar. 1972. *The Ecology of Language*. Stanford, CA: Stanford University Press.

Wiggen, Geirr. 1995. Norway in the 1990s: a sociolinguistic profile. *International Journal of the Sociology of Language 115*(1) 47–84.

Ingrid D. Jølbo, Universitetet i Oslo

Intertekstuelle ressurser og plagiering – en vei mot språkkompetanse i andrespråksskriving

I dette innlegget diskuterer jeg hvordan to andrespråksskrivere bruker intertekstuelle ressurser i varierende grad, og på ulike måter, for å gjøre seg kjent med, og skrive seg inn i, den norskfaglige tekstkulturen. Tekstkultur blir her forstått som et normfellesskap av lesere og skrivere, som blant annet deler forståelse for hva en god tekst er, sjangerforventninger, retningslinjer for kildehenvisninger og hva som blir regnet som felles delt kunnskap. Den dominerende tekstkulturen i norskfaget er dermed også preget av ideologier som er gjeldende i den norske skolen generelt, av hvordan læreplanen er utformet og av de kriterier som til enhver tid ligger til grunn for lærernes vurdering.

I internasjonal forskning har bruk av intertekstualitet og plagiering blant andrespråksinnlærere blitt studert både i relasjon til utvikling av identitet og stemme og til språklæring (for eksempel Abasi, Akbari & Graves 2006; Canagarajah 2004; Ouellette 2008 og Ivanič & Camps 2001). Disse sammenhengene diskuteres også i dette innlegget og med utgangspunkt i to elever i slutten av tenårene som er deltakere ved grunnskoleopplæringen for minoritetsspråklig ungdom. Jeg viser hvordan deres bruk av intertekstuelle ressurser, som i flere av eksemplene kan kalles plagiering, på ulike måter er knyttet til deres identitetskonstruksjoner, utvikling av stemme og språklæring i norskfaget. Basert på blant annet deres personlige preferanser og læringsstrategier bruker de tidligere teksterfaringer på ulike måter i skrivingen og utvikler dermed en individuell stemme på sitt nye språk.

Litteratur:

Abasi, Ali. R., Nahal Akbari & Barbara Graves 2006: Discourse appropriation, construction of identities, and the complex issue of plagiarism: ESL students writing in graduate school. *Journal of Second Language Writing*, 15 (2), 102-117.

Canagarajah, Suresh 2004: Multilingual Writers and the Struggle for Voice in Academic Discourse. I: Pavlenko, Aneta & Adrian Blackledge (ed), *Negotiation of Identities in Multilingual Contexts*. Clevedon: Multilingual Matters. 266-289

Ivanič, Roz & David Camps 2001: I am how I sound: Voice as self-representation in L2 writing. *Journal of Second Language Writing*, 10 (1-2), 3-33

Oullette, Mark A. 2008: Weaving strands of writer identity: Self as author and the NNES "plagiarist". *Journal of Second Language Writing*, 17 (4), 255-273

Mari Nygård (HiST) og Heidi Brøseth (NTNU)

Grammatikk – et unyttig verktøy eller en kilde til undring og kunnskap?

Grammatikken som disiplin har de siste tiårene blitt svekket både i skoleverket og i lærerutdanningene. Flere har uttrykt bekymring for svake grammatikkunnskaper hos elever (Hognestad 2013) og lærerstudenter (Oksfjellelv 2013), og for at læreplanens sterke fokus på tekst fortrenger fokus på språkstruktur (Vikøy 2013). I lys av denne debatten vil vi presentere resultater fra en spørreundersøkelse utført blant lærerstudenter, og videre vil vi diskutere hvilke mål grammatikkundervisning sikter mot i skole og lærerutdanning. Er grammatikk en ren ferdighetsdisiplin, eller er det også et kunnskapsfag?

Det har blitt dokumentert at grammatikk ikke har effekt på skriveferdigheter (Andrews m.fl. 2004). Myhill (2013) setter spørsmålstegn ved dette, og hevder at det som er avgjørende for om grammatikkundervisning har effekt, er lærerens metalingvistiske kunnskapsnivå. Vi vil argumentere for det didaktiske potensialet som ligger i tankegangen bak *generativ grammatikk*. Et hovedsyn er da at grammatikk er noe som elevene allerede kan, og som undervisningen skal hjelpe dem til å sette ord på og bli bevisst (Lohndal 2013). Det legger godt til rette for undring omkring grammatikken i eget morsmål. Dersom man beveger seg fra grammatikkundervisning bestående av regelpugging og drilling av bøyingsmønstre, typisk deduktiv metode, til viten om språk som kilde til undring og språklig bevissthet, gjennom induktiv og kontrastiv undervisning, kan elevene få kunnskap om grammatikk som autonomt system og dermed ha de forutsetninger som trengs for å oppnå høyere språklig bevissthet. Ifølge Hertzberg (2008) er grammatikken som inngang til språklig bevissthet et hovedsyn i LK06.

Andrews, R., C. Torgerson, S. Beverton, T. Locke, G. Low, A. Robinson & D.D. Zhu (2004) The effect of grammar teaching (sentence combining) in English on 5 to 16 year olds' accuracy and quality in written composition. *Research Evidence in Education Library.* London: EPPI Centre, Social Science Research Unit, Inst. Of Education.

Hertzberg, F. (2008) "Grammatikk?" I: M.E. Nergård & I. Tonne (red.): *Språkdidaktikk for norsklærere: Mangfold av språk og tekster i undervisningen*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hognestad, J. (2013) Språkdelen av norskfaget – i læreplan og klasserom. *Norsklæreren* 2: 24-29.

Lohndal, T. (2013) Hva er norsk språk anno 2014? Språkblanding og flerspråklighet: Teoretiske og didaktiske perspektiver. *Norsklæreren* 28-33.

Myhill, D., Susan Jones, Annabel Watson og Helen Lines. (2013). Playful explicitness with grammar: a pedagogy for writing. *Literacy* 47 (2): 103-111.

Oksfjellelv, B. (2011) Lærarstudentane kan for lite grammatikk. *Norsklæreren* 3: 13. Vikøy, A. (2013) Grammatikk, takk! Kronikk i *Dag og Tid*, 8. mars 2013.

Ragnhild Andersson, Universitetet i Bergen

Tilrettelegging av talemålsdata til bruk i skulefaget norsk

Talemålet vårt er det primære språket og for mange også eit viktig identitetsuttrykk (jf. Tabouret & Keller 2006). Inngåande arbeid med talemålet på heimstaden kan vera ein arena for å «finne sine egne stemmer, ytre seg, bli hørt og få svar» (jf. læreplanen i norsk 2006), men det kan også vera ein viktig del av den lokale kulturarven både som levande tradisjon og noko som stadig endrar seg (ibid.). Auka kompetanse om eige talemål og korleis det varierer og utviklar seg, kan vekkja ei språkinteresse og vera til hjelp for å nå kompetansemål om å diskutera haldningar til talemål (8. 10. trinn) og reflektera over forhold som kan påverka utviklinga av dei (vg3). Dessutan har dei i båe skuleløpa høve til å skriva ei språkleg fordjupingsoppgåve (ibid.).

Tre kvantitative talemålsprosjekt frå Sogndal, 1996, 2001 og 2016, med til saman rundt 100 opptak vil vera primærmaterialet for å utvikla ei digital samling av talemålsprøvar. Både endringar i tilsynelatande tid og i verkeleg tid med dimensjonar som alder, kjønn, stad, foreldrebakgrunn og yrke, vil bli søkbare. Det vil også vera aktuelt å utarbeida eit framlegg til undervisningsopplegg som kan brukast i ungdomsskulen og i den vidaregåande skulen. Talemålsopptaka i 2016, 15 og 20 år etter det som alt finst, i eit longitudinelt perspektiv, vil gje eit unikt materiale der eit kvalitativt utval talemålsprøvar bør kunna utnyttast og bli gjort tilgjengeleg for elevar og lærarar i ungdomsskule og i den vidaregåande skulen i dette området.

Ulrikke Rindal, Universitetet i Oslo
Hilde Sollid, Universitetet i Tromsø

Språkideologier i norsk og engelsk – sosiolingvistikk inn i lærerutdanningen

Både språklæring og språkforskning er i økende grad preget av to sammenvevde fenomener: globalisering og sosiale aspekter ved språk (Hornberger & McKay, 2010). Globalisering bidrar til at mennesker flytter innenfor og på tvers av landegrenser og at det oppstår stadig nye kanaler og kontekster for kommunikasjon. Økt mobilitet motiverer til tilegning av nye språk og identiteter, noe som resulterer i språksituasjoner preget av mye variasjon, også i klasserommet.

De komplekse språksituasjonene som følger av globalisering og økt språkvariasjon, krever fokus på sosiale aspekter ved språk og språkatferd både i skolen og i lærerutdanningene (Sollid & Rindal, i trykk; Rindal, 2014). Slikt fokus på sosiale aspekter finnes i de nasjonale læreplanene i våre største språkfag norsk og engelsk, men for det meste i form av perspektiver og formål i fagene; de sier ikke noe om *hvordan* sosiolingvistiske perspektiver kan anvendes i undervisningen. Læreplanene krever derfor kunnskap og kompetanse av lærerne som skal tolke planene og anvende perspektivene i klasserommet.

For å møte dette kravet initierte *ProTed – Senter for fremragende lærerutdanning* et eget masteremne om språkholdninger som ble tilbudt lektorstudenter ved Universitetet i Oslo. Dette innlegget presenterer rasjonalet bak et slik emne om språkholdninger som del av lærerutdanningen, og diskuterer språk- og språklæringsprinsippene som lå til grunn i gjennomføringen. I tillegg til å argumentere for at sosiolingvistisk kunnskap om språkideologier kan bidra til den kompetansen som språklærere trenger for å håndtere dagens komplekse språksituasjoner, viser vi også hvordan dette kan gjennomføres i praksis.

Endre Brunstad, LLE, Universitetet i Bergen

Språkskifte som språkdidaktisk spørsmål

Ein reknar med at om lag 1/3 av elevane som har nynorsk som hovudmål, går over til bokmål i løpet av grunnskulen. Dette individuelle språkskiftet har i løpet av dei seinare åra fått auka merksemd, både i offentleg ordskifte, i politiske styringsdokument, og gjennom forsking.

Der er nokre generelle trekk ved dei individuelle språkskifteprosessane som ein kan formulere rimelege hypotesar om. Samtidig er det mykje vi ikkje veit, bl.a. fordi talmaterialet på området er mangelfull. Det er framleis uvisst når i skulegangen språkskiftet er mest prekært, og om språkskiftet hos elevar er livsvarige eller livsfaseprosjekt. Likeins veit vi lite om i kva grad det er tale om individuell språkveksling, eller i kva kontekstar den språkvekslinga eventuelt skjer. Vi veit heller ikkje kor språkkompetente dei aktuelle språkbrukarane er.

Innlegget mitt vil først kort presentere funn og tendensar i forskinga om språkskiftet mellom nynorsk og bokmål, og gjere koplingar mot tospråksforsking.

Dinest vil innlegget ta utgangspunkt i ein konkret førespurnad frå ein kommune i Hordaland om forsking kring språkskiftet i ungdomsskulen, og vise fram aktuelt forskingsdesign på eit aktuelt prosjekt.

Til slutt vil innlegget gå nærmare inn på styrking av nynorsk som eit generelt språkdidaktisk spørsmål. Her vil tilhøvet mellom det deskriptive og det normative i lærarutdanninga og skulen stå sentralt.

Dugnadsgruppe 4

Nynorskforsking – kva og kvifor?

Gruppeleiarar:
Eli Bjørhusdal, Høgskulen i Sogn og Fjordane
Ann-Kristin Helland Gujord, Universitetet i Bergen
Jan Olav Fretland, Høgskulen i Sogn og Fjordane

Forskarar i forskargruppa for nynorsk i UH-nett Vest arrangerer ei dugnadsgruppe om forsking med nynorskperspektiv. Her vil me kaste lys over og diskutere om og korleis nynorskforsking kan vere relevant for fleire fagfelt og forskarar enn dei ofte historisk innretta tradisjonelle nynorskforskingsdisiplinane. Me tenkjer oss innlegg som kan aktualisere nynorskperspektivet ved å relatere det til felt som fleirspråklegheit, internasjonal språkpolitikk, språkdidaktikk, demokratiforsking osb. Dermed inviterer me òg til innlegg som utfordrar omgrepet nynorskforsking – kva er feltet nynorskforsking og kva bør det vere?

Birgitte Fondevik, Høgskulen i Volda
Hilde Osdal, Høgskulen i Volda

Kvifor har så få vaksne innvandrarar vandra inn i den nynorske skriftkulturen?

Få vaksne minoritetsspråklege i nynorskkommunar får opplæringa si på nynorsk. Læremiddelmangel, uklart lovverk og lave løyvingar vert ofte sett på som hovudårsakene til dette. Vår hypotese er at dette først og fremst er konsekvensar av språkhaldningar: mellom innvandrarar, i språksamfunnet generelt, men også mellom nynorskbrukarar.

Når målet er optimal læring (Spolsky, 1989, Gardner and McIntyre, 1992), er det rimeleg å tru at det å møte den målforma som er dominerande i distriktet elles, vil verke motiverande for språkinnlæringa. Kvifor er då nynorskprosenten så lav? I prosjektet vil vi først og fremst sjå på kva rolle haldningar til språk spelar, her dei to målformene nynorsk og bokmål. Vert nynorsk oppfatta som det markerte eller spesielle språket, knytt til det rurale (Mæhlum m.fl. 2007, Bull i Bull og Lindgren, 2009)? Kva konsekvensar har dette for språkbruk og språkval? Og kven gjer vedtaka om målform i opplæringa?

Vi har sendt ut eit spørjeskjema for å sjå på grunnlag for vedtak om målform og dei viktigaste argumenta for det valet som er gjort. Spørsmåla har gått til alle LNK- kommunane. Vi vil også intervjue deltakarar og lærarar i norskopplæringa for vaksne innvandrarar.

Litteratur:

Berggreen, H. og Tenfjord, K. (1999): Andrespråkslæring, Oslo: Ad Notam Gyldendal Bull, T. og Lindgren, A-R. (red.) (2009): De mange språk i Norge. Flerspråklighet på norsk. Oslo: Novus forlag.

Fondevik, B. (2013): Intervju med 7 deltakarar i nynorskgrupper, Volda: Uprenta intervju.

Gardner; RC. & MacIntyre, PD. (1992): A student's contribution to second language learning, Language teaching, The international abstracting journal for language teachers and applied linguistics, Cambridge: Cambridge University Press.

Grepstad, O.(2010): Språkfakta 2010, http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprak/sprakfakta/Spr%C3%A5kfakta+2010.d25-SwlrG27.ips

Le Page R. & Andrée Tabouret-Keller, A. (1985): Acts of identity, Cambridge: Cambridge University Press.

Mæhlum, B. (2007): Konfrontasjoner: Når språk møtes, Oslo: Novus forlag.

Mæhlum, B. (m.fl.) (2008): Språkmøte: Innføring i sosiolingvistikk, Oslo: Cappelen Akademiske forlag.

Spolsky, B. (1989): Conditions for Second Language learning, Oxford: Oxford University Press.

Øystein A. Vangsnes, UiT Noregs arktiske universitet & Høgskulen i Sogn og Fjordane

Nynorskhjernen – mellom natur og kultur

Den norske språkstoda aktualiserer forsking på om born som veks opp med nynorsk, utviklar seg annleis enn born som veks opp med bokmål, og om det i så fall skuldast språkstimuleringa direkte eller om det er ein bieffekt av andre forhold. Ein grunnleggjande premiss er tanken at alle nynorskbrukarar også meistrar bokmål frå tidleg alder medan det motsette i liten grad gjeld for dei som alltid har hatt bokmål som hovudmål: Nynorskbrukarar har såleis ei form for tospråkleg kompetanse. Språkstoda byr rett nok på nokre særlege forhold, mellom anna desse:

1) Dei to språka (nynorsk og bokmål) er svært nærskylde og i offisielle samanhengar rekna som variantar av det same språket.

2) Tospråkskompetansen knyter seg i stor grad til skrift: Aktiv veksling mellom munnleg bokmål og nynorsk hjå ein og same person er eit sjeldsyn.

3) Nynorsken står i ein særleg kulturhistorisk tradisjon med tyngdepunkt på Vestlandet og tilgrensande strok.

Dette vil seia at forsking på dei utviklingsmessige sidene ved nynorsk må ta høgde for effektane av (i) lingvistisk avstand, (ii) literasitet og (iii) kultursosiologiske forhold – og gjerne meir til – og i sin tur fordrar det kompetanse frå fleire ulike forskingsdisiplinar. I innlegget mitt vil eg gjera nærmare greie for korleis studiar av den norske språkstoda kan gi vektige bidrag til internasjonal forsking i skjeringspunktet mellom lingvistikk, kognitiv psykologi og kultursosiologi, bidrag som kan omsetjast i politikkutforming til beste for grupper og einskildindivid.

Eli Bjørhusdal, Høgskulen i Sogn og Fjordane

Teoretiske perspektiv på det norske språkpolitiske regimet – kva og kvifor

Dette innlegget skal nyttast til å drøfte tre problemstillingar knytte til det eg i tråd med Sonntag og Cardinal (red, 2015) vil kalle det norske språkpolitiske regimet.

For det fyrste vil eg argumentere for at hovudprinsippet for norsk språkpolitikk er og har vore formell egalitarisme (Schiffman, 1998). Dette har konstituert eit universelt språkpolitisk regime som må sjåast i lys av den norske og nordiske velferdsmodellen med universelle ordningar (Kildal og Kuhnle (red), 2015).

For det andre vil eg gjere greie for debatten rundt den språkpolitiske universalmodellen, ein debatt som har vore knytt til arbeidet med den nye språklova som truleg vert lagt fram våren 2016. Den mest høglydte kritikken mot det norske språkpolitiske regimet kjem no frå den liberalistiske sida. Herfrå vert det teke til orde for sterkare individuelle språkrettar (for til dømes elevar og statstilsette) på kostnad av ordningar som skal styrke språksamfunna som grupper. Ein annan tenkjeleg, men langt mindre synleg kritikk av regimet kjem frå mindretalsspråkposisjonar: Universalisme er ikkje eigna til å gje eit rettvist språkpolitisk resultat, og resultatet er dermed forvitring av mindre brukte språk som nynorsk og samisk.

For det tredje vil eg etterlyse statsvitskaplege og politisk-teoretiske perspektiv i nynorskforskinga. Komparative analysar av statstradisjonar vil kunne gje ei betre forståing av det normative grunnlaget for det norske språkpolitiske regimet, og vil i så måte gje meir presise omgrep for å kritisere og forsvare det. Det kan vere særleg viktig i ordskifta om ei lov som kan vise seg å bli eit vegskilje for nynorsk.

Sentrale referansar:

Bjørhusdal, Eli (2014). *Mellom nøytralitet og språksikring. Norsk offentleg språkpolitikk 1885–2005.* Avhandling (ph.d.). Det utdanningsvitskaplege fakultetet, Universitetet i Oslo.

Cardinal, Linda & Selma K. Sonntag (eds.). (2015). *State Traditions and Language Regimes.* Montreal & Kingston, London, Ithaca: McGill-Queen's University Press.

Kildal, Nanna & Stein Kuhnle (eds.). (2005). *Normative Foundations of the Welfare State*. London: Routledge.

Kymlicka, Will & Patten, Alan (eds.). (2003). *Language rights and political theory*. Oxford: Oxford University Press.

Van Parijs, Philippe. (2011). *Linguistic Justice for Europe and for the World*. Oxford: Oxford University Press.

Schiffman, Harold F. (1998). *Linguistic Culture and Language Policy*. London: Routledge.

Johan Myking, Universitetet i Bergen

Nynorskforsking – kva og kvifor, og kvifor Vestlandet?

I innlegget mitt vil eg prøva å reflektera litt over framtida for nettverket vårt i lys av tittelen på dugndsgruppa og med utgangspunkt i vervet som leiar av Nettverk for nynorskforsking i UH-nett Vest.

I invitasjonen til dugnadsgruppa heiter det at ein m.a. inviterer til "innlegg som utfordrar omgrepet nynorskforsking – kva er feltet nynorskforsking og kva bør det vere?"

Hausten 2015 ser vi i Bergen ein tendens til at samfunnet melder seg på med trong for nynorsk nytteforsking, særleg om overgangen frå nynorsk til bokmål mellom skuleelevar. Slik forsking har ikkje berre lokal interesse, men er nasjonalt relevant fordi ho gjeld statusen og domenetrygginga for nynorsk som offisiell målform i landet.

Nettverk for nynorskforsking i UH-nett Vest er grunnlagt for å fremja forsking i og om nynorsk med utgangspunkt i medlemsinstitusjonane, som ligg i dei fire vestlandsfylka. Nettverket har gjort visse operasjonaliseringar og avgrensingar av feltet, men byggjer ikkje på nokon autorisert definisjon av 'nynorskforsking', og skal kanskje heller ikkje gjera det. Nettverket samlar Vestlandet, men må vera på vakt mot den ikkje heilt uvanlege oppfatninga at Vestlands-blikket er einsidig og ekskluderande.

Kanskje er det ein fordel for fellesskap og rekruttering at dei viktige omgrepa har uskarpe grenser og ingen tydelege definisjonar?

Dugnadsgruppe 5

Ordlaging i norsk: nye grenseoppgangar mellom avleiing og samansetning – teoretiske og praktiske perspektiv

Initiativtakar: Bjørghild Kjelsvik

Dugnadsgruppa tar opp norsk morfologi frå eit samansetningsperspektiv. Det blir 6 innlegg på 20 minutt med 10 minutts diskusjon, og i tillegg ein avsluttande diskusjon.

Bakgrunnen er det store arbeidet som no er blitt gjort i ordbanken for nynorsk og for bokmål, der ein har lagt leddanalyse på heile lemmainventaret i dei to ordbankane, sjå http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=72&tabid=3174 for bokmål og http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=73&tabid=2562 for nynorsk. Ein annan stor database der ein kan studere samansetningar, er trebanken NorGramBank i INESS-prosjektet.

Desse databasane gir høve til å sjå på mykje interessant materiale som tidlegare har vore lite omtala i norsk morfologi, sjølv om dette stort sett er leksikaliserte samansetningar og avleiingar. Ein har her tilrettelagte data for å finne fram til nye samanhengar og morfologiske eigenskapar ved norsk. Vi har no også fleire korpus, slik som Leksikografisk Bokmålskorpus og Nynorskkorpuset, dei kan stillast opp mot ordmaterialet for å gi innsikt i faktisk språkbruk.

Dugnadsgruppa vekslar mellom meir teoretiske perspektiv og problemstillingar (Grønvik, Johannesen, Ovesen) og meir praktisk retta arbeid med samansetningar og avleiingar i korpus (Kjelsvik, Hovdenak, Dyvik & Meurer).

Rekkjefølgje på innlegga:

1. Oddrun Grønvik: *Avleiing og samansetning i norsk leksikologi frå Ivar Aasen og frametter*
2. Borghild Kjelsvik: *Leddelinga i ordbanken – prinsipp og metode*
3. Siri Sofie Ovesen: *Tankefull, men idétom? Proprietive og privative adjektiv på grensa mellom sammensetning og avledning*
4. Janne Bondi Johannesen: *Parasyntetiske sammensetninger i ordbok og korpus*
5. MaritHovdenak: *Normering av fuger*
6. Helge Dyvik & Paul Meurer: *Sammensetninger i bokmål i NorGramBank*

Oddrun Grønvik, Norsk Ordbok; Universitetet i Oslo

Avleiing og samansetning i norsk leksikologi frå Ivar Aasen og frametter

Dette innlegget skal utforska to perspektiv på analyse av ordformer. Det eine perspektivet gjeld ordlaging, også kalla *leksikogenese*. Det andre perspektivet gjeld funksjonell leddeling i høve til å læra ortografi, og t.d. maskinanalyse av ordtilfang.

Første perspektiv har ei etymologisk tilnærming, både når det gjeld ordlagingstypar og førestillingar om kronologi. Det andre perspektivet ser på status quo. Skilnaden syner seg til dømes i handteringa av ord som «gjennomføring», «utgjord» eller «tospråkleg» - frå ordlagingsperspektiv er dette avleiingar, for den strengt synkrone analysen er det samansetningar (med leddelingsmerke).

Termane (*rot, grunnord, avleiing, samansetning*) som blir brukte i analysen er dels dei same med båe sett briller, dels ikkje. Men dei same termane blir brukt ulikt på ordtilfanget, og definisjonane som finst i litteraturen viser at termane i praksis er polysem.

Innlegget vil romma ein rask historisk gjennomgang frå Aasens *Norsk grammatik* (1864) til *Norsk referansegrammatik*k (1997), og runda av med terminologi og praksis i språksamlingane som er knytte til *Norsk Ordbok* og handordbøkene (*Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*).

Føremålet med dette innlegget er å opna for ein diskusjon som vonleg kan føra fram til terminologisk og omgrepsmessig avklaring, og vekkja ny interesse for det store og spanande feltet som ordanalyse og ordlaging er.

Aasen, Ivar. 1864. *Norsk grammatik. Omarbeidet Udgave af "Det norske Folkesprogs Grammatik"* Christiania: B.T. Mallings Forlagsboghandel.

Faarlund, Jan Terje, Svein Lie, ogVannebo Kjell Ivar. 1997. *Norsk Referansegrammatikk* Oslo: Universitetsforlaget.

Bjørghild Kjelsvik, Språkrådet

Leddelinga i ordbanken – prinsipp og metode.

Samansetningar utgjer ein stor og uavgrensa del av ordtilfanget i norsk, ettersom ein alltid kan lage nye samansetningar. Etter arbeid i tidsrommet 2012 til 2015 ligg det no føre informasjon om samansetjingsstatus for alle lemma i Ordbanken for Bokmål og Nynorsk. Lemmainventaret på til saman over 120 000 lemma i nynorsk og over 160 000 lemma i bokmål er plassert i to hovudgrupper, simpleksord og toledda samansetningar. Den siste gruppa har fått delepunkt og ei grammatisk tagging av kvart ledd. Berre hovudfuga er markert i lemma som har tre eller fleire ledd, som t.d. *havfiske|flåte*. Størstedelen av samansetningane er leksikalisert materiale, noko er meir tilfeldige samansetningar.

Leddanalysearbeidet behandlar praktisk kvar grensene går i overgangen mellom samansetningar, ordliknande etterledd og forledd, og reine affiks. Dette kan brukast til teoriutvikling innanfor morfologi og semantikk. "Eingongsorda" er også viktige vitne om orddanningsprosessane. Andre problemstillingar gjeld den språkteknologiske sida av leddanalysen: Kan dette brukast i arbeidet med å lage ein (betre) maskinell leddanalysator? Kan det vere nyttig for talesyntese? For å unngå stavekontrollar som gir raud strek på samansette ord?

Eg vil i min presentasjon gå inn på bakgrunnen for leddelingsarbeidet, og vise kva problem vi støytte på og korleis vi løyste dei. Vi hadde nytte av Faarlund, Lie, og Vannebo (1997), Leira (1992), og Beito (1970) i dette arbeidet, men måtte ofte ta avgjerder basert på materialet slik det framstod og den ordboksmessige bruken leddanalysen skulle ha.

Eg fokuserer på to problemområde i analysearbeidet: tagging av førsteleddet og samansette adjektiv.

Aasen, Ivar. 1864. *Norsk grammatik. Omarbeidet Udgave af "Det norske Folkesprogs Grammatik".* Christiania: B.T. Mallings Forlagsboghandel.

Beito, Olav T. 1970. *Nynorsk grammatikk: Lyd og ordlære.* Oslo: Det norske samlaget.

Faarlund, Jan Terje, Svein Lie, og Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk Referansegrammatikk.* Oslo: Universitetsforlaget.

Leira, Vigleik. 1992. *Ordlaging og ordelement i norsk.* Oslo: Det Norske Samlaget.

Siri Sofie Ovesen, Universitetet i Bergen

Tankefull, men idétom? Proprietive og privative adjektiv på grensa mellom sammensetning og avledning

Etterleddene *-full, -holdig, -rik, -intensiv, -sterk, -tung, -fattig, -løs, -svak, -fri og -tom* danner alle adjektiv. Kjennetegnende ved denne gruppa adjektiv er hvordan de modifiserer substantivet (i noen tilfeller pronomenet) som sammensetninga står til, ved at de betyr henholdsvis 'N har (mye) X', 'N har (lite) X' og 'N har ikke X', der X bestemmes av forleddet og N er nomenet sammensetningen står til. Dette innlegget er basert på mitt pågående masterprosjekt om disse etterleddene.

Et foreløpig søk i leksikografisk bokmålskorpus slår fast at ikke alle etterleddene blir brukt like mye, og jeg har ved hjelp av korpusbaserte metoder undersøkt hvor produktive de ulike etterleddene er. Dette er særlig relevant ettersom flere etterleddene ved første øyekast har påfallende like betydninger. Et fenomen som ofte blir nevnt i forbindelse med produktivitet er blokkering, der eksistensen til en form kan utelukke eksistensen til en annen form med lik betydning (Bauer 2001). En kan derfor tenke seg at hvis for eksempel etterleddene *-rik, -intensiv* og *-tung* alle er produktive i dag, vil det kunne finnes en forskjell i betydning som muliggjør dette. Jeg vil derfor drøfte etterleddene semantisk ved å legge til grunn betydningene til forleddene de forekommer sammen med og nomenet sammensetningen står til.

Etterledda jeg har undersøkt er i enkelte andre språk blitt betraktet som at de befinner seg i en gråsone mellom etterledd og suffiks, og at orddanningene de lager derfor regnes som en mellomting mellom sammensetningen og avledninger (Künhold et al. 1978). Et tegn på at et etterledd befinner seg i en slik gråsone er at etterleddet og det tilsvarende frie ordet har fått ulik betydning (Bauer 2004).

Ordet *fattig* blir av Bokmålsordboka (2005) definert som blant annet 'med trang økonomi; arm, nødlidende' (definisjon 1), samtidig som ordboka også opererer med definisjonen 'med lite (nyansert) innhold' (definisjon 4), hvor flesteparten av de språklige eksemplene er sammensetninger: *blodfattig, regnfattig, ordfattig.* Her kan man altså se en viss forskjell i mening mellom det frie ordet og etterleddet. Ordet *løs* blir av bokmålsordboka (2005) blant annet definert som 'som ikke er bundet eller festet til noe, fri, som har løsnet eller kan løses lett' (definisjon 1), og verken denne eller noen av de andre definisjonene av ordet stemmer helt med betydningen til det tilsvarende etterleddet *-løs,* 'N har ikke X'. Denne betydningen er altså er enda fjernere fra betydningen til det frie ordet. Til sist er det verdt å nevne *-holdig. -holdig* eksisterer ikke som fritt ord, noe som gjør det problematisk å definere det som et etterledd allerede før videre undersøkelser har blitt gjort. Jeg vil til slutt drøfte om de ulike etterleddene best kan beskrives som etterledd, suffikser eller noe midt imellom.

Bauer, Laurie. 2001. *Morphological productivity.* Cambridge: Cambridge University Press. Bauer, Laurie. 2004. «The borderline between derivation and compounding». I *Morphology and its demarcations, selected papers from the 11th Morphology Meeting, Vienna, February 2004.* Volum 234 av *Current issues in linguistic theory*. Redigert av Wolfgang U. Dressler et. Al. 97-108. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.

Kühnhold, Ingeburg, Putzer, Oskar og Hans Wellmann. 1978. *Das Adjektiv.* Bind 43 av *Sprache der Gegenwart,* redigert av Ursula Hoberg. Düsseldorf: Pädagogischer Verlag Schwann.

Wangensteen, Boye. «Fattig». *Bokmålsordboka*, 3. utg., Oslo, 2005.

Wangensteen, Boye. «Løs». *Bokmålsordboka*, 3. utg., Oslo, 2005.

Janne Bondi Johannesen, Universitetet i Oslo

Parasyntetiske sammensetninger i ordbok og korpus

I dette foredraget vil jeg se på en bestemt type sammensatte ord med utgangspunkt i Johannessen (2001). Den typen jeg er interessert i, kalles av og til for parasyntetiske sammensetninger (Melloni and Bisetto 2010). Den er spesiell fordi den har en syntaktisk struktur som bare finnes i sammensetninger, hvor etterleddet består av et substantiv pluss et adjektivisk avledningssuffiks -t/-d, for eksempel "enøyd". Slike avledede adjektiv finnes aldri alene, men er avhengige av å være del av en sammensetning. Slike sammensetninger er interessante syntaktisk sett, som jeg kort vil vise, men hovedfokuset i foredraget ligger på i hvilken grad slike sammensetninger kan finnes i ordboksbase og korpus.

Referanser:

Melloni, Chiara and Antonietta Bisetto. 2010. Parasynthetic compounds. Data and theory. I Scalise, Sergio and Irene Vogel (red.): *Cross-Disciplinary Issues in Compounding*. Amsterdam: John Benjamins, 199–218.

Johannessen, Janne Bondi . Sammensatte ord. *Norsk lingvistisk tidsskrift*. 2001(1), 59-92.

Marit Hovdenak, Språkrådet

Normering av fuger

I Norsk språknemnd og Norsk språkråd var normering av fuge-s o.l. eit tema frå tid til anna. Det har vore gjort vedtak både om to- og treledda ord og både om importord og heimlege ord. Spørsmål om samansetjingsmåte høyrde sjeldan til dei omstridde sakene. For å avgjere type binding har ein vanleg metode vore å sjå på korleis andre samansetningar med eit bestemt forledd var samansett. Dersom storparten hadde binde-s, eventuelt binde-e eller nullbinding, skulle gjerne alle ha det, t.d. skal *driftssjef* skal ha binde-s når *driftsavdeling* osb. har det.

I enkelttilfelle har ein brukt binde-s til å skilje mellom ulike tydingar: *sjeflege* kontra *sjefslege*.

Mange kjenner regelen om at samansetningar med samansette forledd ofte skal ha binde-s, t.d. *vinglas*, men *raudvinsglas*. Kor langt denne regelen går, er nokså uvisst. At Norsk språkråd vedtok nullbinding i samansetningar med *bok* som midtledd, førte til former som *ordbokarbeid*, som fleire har reagert på.

Det kan vere interessant å finne ut korleis grunngjevinga har vore for vedtaka som gjeld skrivemåtar med ulike typar binding. Ein del av normeringsvedtaka om samansetjingsfuger kom opp i samband med redigering av Bokmålsordboka og Nynorskordboka. I papirutgåvene av ordbøkene er det ikkje systematisk markering av ledd-deling av samansetningar, men i mange tilfelle er det sett delestrek for å spare plass der det er fleire samansetningar. I nettutgåvene er dette no gjort annleis.

Den fullstendige leddanalysen av ordbankane gjer det mogleg å samanlikne frekvens og bruk av dei ulike fugene

Helge Dyvik, Universitetet i Bergen
Paul Meurer, Uni Research, Bergen

Sammensetninger i bokmål i NorGramBank

Innenfor prosjektet INESS utvikler vi trebanken NorGramBank, et syntaktisk gjennom-analysert tekstkorpus for bokmål og nynorsk, automatisk analysert ved hjelp av den komputasjonelle grammatikken NorGram, med Helge Dyvik som hovedutvikler. Forut for den automatiske analysen gjennomgår tekstene en preprosessering der ord som ikke finnes i de leksikalske databasene, blir registrert. En viktig undergruppe av slike ord er sammensetninger. Presentasjonen vil gjennomgå vår metode for å registrere og analysere sammensetninger, og vise noen resultater av søk etter typer av sammensetninger i trebanken.

Prosjektet benytter en analysator for produktive sammensetninger utviklet av Paul Meurer, blant annet basert på arbeider av Janne Bondi Johannessen. Ved preprosesseringen av tekstene blir ord som ikke finnes i ordbasene, ikke registrert som ukjente ord hvis de kan analyseres av denne analysatoren, som også benyttes under den senere automatiske analysen av tekstene i samvirke med NorGram. Sammensetninger som ikke oppfanges av analysatoren, havner hos de ansvarlige for preprosesseringen for videre kategorisering. Disse tilfellene omfatter (1) sammensetninger der ett av leddene er på to bokstaver eller mindre, medmindre de står på en liste av slike korte ledd fordi de ofte opptrer i sammensetninger, og (2) sammensetninger der sekvensen av ordklasser ikke er dekket av sammensetningsanalysatoren. Grunnen til å utelukke sammensetninger med korte ledd er at svært mange ukjente ord ville la seg analysere feilaktig som sammensetninger hvis slike ledd ble tillatt, med den følge at de ikke ville bli oppdaget og korrekt registrert under preprosesseringen av tekstene (f.eks. myntenheten *tetri*, som da kunne bli feilaktig analysert som *te* + *tri*).

Det vurderes løpende om den automatiske analysen bør utvides til å omfatte flere sammensetningstyper. En grunn til ikke å slippe analysen helt fri og tillate at alt kombineres med alt, er at dette ville skape mye støy i form av feilaktige alternative analyser i mange tilfeller. Eksempler på begrensede muligheter som er innført, er substantiv + verb på betingelse av at verbet står i presens partisipp (*altødeleggende, bestefarsgrunnende, dialektsnakkende, dukkelignende, modenhetsfremmende, nyttemaksimerende, skittpratende, svovelprekende, usikkerhetsskapende*, osv.), og substantiv + adjektiv ved en egen begrenset liste av spesielle substantiver som opptrer som forledd, der det løpende vurderes om listen bør utvides (*dritfornøyd, dødsflaut, grisehekta, kjempehappy, knallrosa, megateit, supersta*). NorGram tilordner de ulike typene syntaktiske analyser i trebankene, der også f.eks. sammensetninger med koordinerte første- eller andreledd blir dekket, som *første- eller andreledd, hundre- eller tusenlapper, eike- og skinninventar, utrops- og spørsmålstegn, lærings- og glemselskurven, butikk- eller bilvindu, rydde- og kosedager, antrekks - og atferdsavvik, renessanseklostre og -katedraler.*

Den ferdige trebanken tillater nyansert søk etter ulike sammensetningstyper sortert etter deres egenskaper, og presentasjonen vil vise noe av dette materialet.

Dugnadsgruppe 6

Semantikk og pragmatikk med utgangspunkt i norsk språk

Når vi tolker en ytring, gjør vi dette delvis ut fra de ordene og strukturene som er brukt, men også basert på pragmatiske prinsipper og kontekst. Forskning på språklig kommunikasjon gjennom de siste tiårene har vist at det å skille mellom semantisk betydning (det som språket koder) og pragmatisk tolkning (det vi slutter oss til i gitte situasjoner), er langt fra trivielt. Sett i lys av dette, mener vi det vil være meningsfullt å samle semantikere og pragmatikere til en felles dugnadsgruppe på MONS16.

I denne dugnadsgruppa ser vi på fenomener som er semantiske eller pragmatiske av natur, eller som befinner seg i skjæringspunktet mellom det semantiske og det pragmatiske.

Ansvarlige for dugnadsgruppa:
Ingrid Lossius Falkum, UiO
Kaja Borthen, NTNU

Rekkefølge på bidragene:

1. Ingrid Lossius Falkum, Universitetet i Oslo:
   Polysemi i skjæringspunktet mellom semantikk og pragmatikk.

2. Madeleine Halmøy, HiSF:
   Spørsmål og vilkår hos språkinnlærere og språkforskere – V1 i norsk

3. Åshild Søfteland, Høgskolen i Østfold, og Kaja Borthen, NTNU:
   'Æ e trønder æ, sjø!' Semantiske og pragmatiske aspekter ved 'sjø'

4. Espen Utne Landgraff,
   NTNU: Setningsintern 'da'

5. Kaja Borthen, NTNU, og Perlaug Marie Kveen, NTNU:
   «Åja, dæ æ MONS au nå, da mata» – semantiske og pragmatiske aspekt ved den pragmatiskemarkøren 'da mata'

***Ingrid Lossius Falkum*, Universitetet i Oslo**

Polysemi i skjæringspunktet mellom semantikk og pragmatikk

I dette foredraget tar jeg for meg en undertype av substantivpolysemi som ofte omtales som ”regelmessig” eller ”systematisk” i litteraturen, der det ser ut til at flertydigheten oppstår som et resultat av alternasjon mellom en telle- og en mengdebetydning (for eksempel ”løpe etter *reinsdyr*/spise *reinsdyr*/ha *reinsdyr* på veggen”). I tidligere arbeider (Falkum, 2011, under revidering) har jeg argumentert for en pragmatisk analyse av slike eksempler, der resultatet av den semantiske avkodingen er et underspesifisert begrep, som deretter justeres gjennom pragmatiske slutninger i samsvar med den aktuelle konteksten. Denne analysen skiller seg fra mer tradisjonelle semantiske, regelbaserte tilnærminger, som typisk hevder at betydningsalternasjonene i denne typen polysemi oppstår på bakgrunn av et sett leksikalske regler. Der tidligere analyser av ”regelmessig” polysemi – både pragmatiske og semantiske – stort sett har basert seg på engelskspråklige data, vil jeg i dette foredraget ta utgangspunkt i data fra norsk. Dette har både et kontrastivt og et overordnet, teoretisk formål: Utnytter språkbrukere det morfosyntaktiske skillet mellom telle- og mengdesubstantiv på tilsvarende vis i de to språkene? Og støtter de norskspråklige dataene opp under en pragmatisk, eller en mer tradisjonell semantisk analyse av ”regelmessig” polysemi?

Madeleine Halmøy, HiSF

Spørsmål og vilkår hos språkinnlærere og språkforskere – V1 i norsk

V1-konstruksjonen brukes i norsk ved ja/nei-spørsmål (spiser du banan hver dag?), som protasis i vilkårskonstruksjoner (spiser du banan hver dag, vil du leve lenge i landet), ved imperativer (spis (du) banan hver dag!) og optativer (spiste han bare banan hver dag!). Dette innlegget presenterer ei enhetlig forståelse av disse tilsynelatende ulike talehandlingene basert på Bouchards (2002, 2015) analyse av ja/nei-spørsmål i engelsk, slik at éi abstrakt underliggende mening "et uetablert saksforhold" ligger til grunn for de ulike kontekstavhengige tolkningene. Teoretisk vil Bouchards meningsbaserte, komposisjonelle analyse hovedsakelig presenteres opp mot Chomskys (1965, 1971) verbflyttingsanalyse, mens det på den empiriske sida vil hentes støtte blant annet i andre germanske V2-språk, Québec-fransk og israelsk tegnspråk.

Bouchard, Denis. 2002. *Adjectives, Number, and Interfaces : Why Languages Vary*: North-Holland linguistic series. Amsterdam: North-Holland

Bouchard, Denis. 2013. *Nature and Origin of Language*. Oxford University Press

Chomsky, Noam. 1965. *Aspects of a Theory of Syntax*, Cambridge, MA: MIT Press

Chomsky, Noam. 1971. *Problems of knowledge and freedom*. New York: Pantheon

Åshild Søfteland, Høgskolen i Østfold
Kaja Borthen, NTNU

‘Æ e trønder æ, sjø!’
Semantiske og pragmatiske aspekter ved ‘sjø’

‘Sjø’ er trolig en av de mest kjente dialektspesifikke pragmatiske markørene i norsk, men ordet har likevel ikke vært forsket på i betydelig grad. Ifølge folkelingvistikken uttrykt på Internett, er ‘sjø’ en sammentrekning av ‘skjønner du’ og brukes nærmest etter hver eneste setning i trøndersk, for å legge ekstra kraft bak et utsagn. Nettutgaven til *Norsk Ordbok* kan imidlertid opplyse om at ordet stammer etymologisk fra ‘ser du’. Betydningen er beskrevet som følger:

> (1) **ser-du** interjeksjon
> tillegg etter setning der ein har forklart noko el lagt fram fakta, (inn)ser du, skjønar du; nemleg (2b), absolutt; må vita; jfr. III sjø (A2)

Vi ønsker å formulere en så presis semantikk som mulig for ‘sjø’, basert på eksisterende viten og ny empiri. Vi ønsker å forklare, ved hjelp av det relevansteoretiske rammeverket (Sperber & Wilson, 1995), hvordan semantikken gir opphav til ulike effekter og funksjoner i ulike kontekster. Det empiriske grunnlaget vårt er 398 forekomster av ‘sjø’ (og ymse uttalevarianter) fra Nordisk Dialektkorpus. Så langt har vi observert at ‘sjø’ brukes i ytringer som forklarer eller støtter opp om noe. Dette ‘noe’ kan enten ha vært nevnt, det kan nevnes i etterkant, eller det kan på andre måter være tilgjengelig for taler og tilhører. Arbeidshypotesen vår er at ‘sjø’ er et ikke-sannhetsfunksjonelt ord som påvirker utledningen av implikaturer: Innholdet i ‘sjø’-ytringen skal tolkes som et saksforhold som støtter opp om et ‘manifest’ saksforhold (se Sperber og Wilson 1995: 39). I foredraget vårt vil vi vise hvordan andre effekter av ‘sjø’ følger av dette.

Referanser

Sperber, Dan & Wilson, Deirdre. 1995. Relevance. Communication and Cogntion. Oxford: Blackwell.
Nordisk Dialektkorpus: http://www.tekstlab.uio.no/nota/scandiasyn/index.html
Norsk Ordbok: http://no2014.uio.no/perl/ordbok/no2014.cgi

Espen Utne Landgraff, NTNU

Setningsintern *da*

Det er overraskende vanskelig å identifisere betydningsbidraget til ord som *da* i setninger som (1):

(1) Dette må **da** være oppfordring til vold?

Denne typen ord bidrar ikke med sannhetsfunksjonelt innhold, men kan allikevel ha sterke effekter, og vi har klare intuisjoner om dem. I dette foredraget tar jeg utgangspunkt i Borthen (2014), som presenterer en semantikk for etterstilt *da* , og forsøker å analysere midtstilt *da* som illustrert i (1) ovenfor. I likhet med Borthen baserer jeg meg på det relevansteoretiske rammeverket. Jeg identifiserer to forskjellige versjoner av midtstilt *da* og foreslår en semantikk for en av dem. Jeg hevder (contra Fretheim (2014)) at midtstilt *da* ikke uttrykker gjensidig manifesthet, men foreslår i stedet at en av de versjonene av midtstilt *da* jeg identifiserer, krever at ytringen den forekommer i, motsier en kontekstuelt tilgjengelig antagelse. Jeg viser hvordan noen av effektene som har blitt brukt som argument for alternative semantikker for midtstilt *da* , lar seg avlede på en naturlig måte fra min foreslåtte semantikk for *da* og dens interaksjon med pragmatiske prinsipper og ulike kontekster. Dette gjør jeg ved å analysere en rekke autentiske eksempler.

Litteratur

Borthen, K. (2014). Hva betyr 'da', da?. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, *32* (2).

Fretheim, T. (2014). Et relevansteoretisk blikk på likheter og forskjeller mellom partiklene da og altså. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* , *32* (2).

Kaja Borthen og Perlaug Marie Kveen, Institutt for språk og litteratur, NTNU

«Åja, dæ æ MONS au nå, da mata» – semantiske og pragmatiske aspekt ved den pragmatiske markøren 'da mata'

Samandrag
Temaet for dette foredraget er den pragmatiske markøren 'da mata', mellom anna nytta i Nord-Gudbrandsdalen. Studien er del av prosjektet 'The meaning and function of Norwegian tags', som undersøkjer pragmatiske markørar i ulike dialektar i Noreg. 'Da mata' opptrer til sist i ytringa, slik dømet nedanfor syner:

(1) A: Dæ æ mæssåm ikkje någå påeng å bli gåmøyl viss øn ikkje fæ væra klår i huggude.
B: Nei, dæ æ ikkje någå ve. Men øn rår ikkje mæ di, **da mata.**

Tidlegare forklaringar av 'da mata' er gjeve i Dagsgard (2006) og i *Norsk Ordbok.* *Norsk Ordbok* har følgjande skildring av 'da mata' som underoppslag til 'må vita':

(2) «(nytta stadfestande etter ei setning) kan ein tenkja; skjønar du; ser du; sjølvsagt.»

Sjølv om denne skildringa ikkje er feil, held ho mellom anna ikkje som forklaring på kvifor 'da mata' ikkje har same effekt som *jo*. Målet vårt er å skildre meir inngåande når 'da mata' kan (eller ikkje kan) nyttast, tufta på ny empiri.

Empirien nytta i studien vår er så langt 46 ytringar frå Nordic Dialect Corpus, og intervju med tre informantar frå Lom. Funna tyder på at 'da mata' kan nyttast i ytringar som viser til noko som er kjent i konteksten for båe partar i samtalen, enten ved at ein kan trekkje slutningar ut frå felles kunnskap, eller frå den føregåande diskursen. Vidare er det ein tendens til at uttrykket blir brukt for å understreke eller konkludere med noko. Uttrykket er uakseptabelt eller markert i interrogativ- og imperativstrukturar.

Utvalde referansar
Dagsgard, A. (2006). *Målet i Lom og Skjåk. Ordliste og grammatikk.* Lom/Skjåk kommune.

Dugnadsgruppe 7

Navnegransking

Vi tar sikte på å arrangere en dugnadsgruppe for navnegransking, først og fremst stedsnavn. Det blir to hovedemner: 1) Arbeidet med en digitalisert og revidert utgave av Norsk stadnamnleksikon, og 2) Kontinuiteten i norsk navnegransking.

1) Fjerde utgave av Norsk stadnamnleksikon kom i 1997, og det er nå satt i gang arbeid med en revidert og elektronisk tilgjengelig femte utgave. Berit Sandnes vil orientere om arbeidet så langt, og vi etterlyser innspill om ønsker og ideer til den nye utgava. Det kan gjelde alt fra retting av trykkfeil til endringsforslag i enkeltartikler, samt forslag til nye opplysninger og navn som bør være med.

2) Kontinuiteten i norsk navnegransking.

Hvordan kan vi organisere undervisningen i faget når det ikke lenger finnes ansatte navneforskere? Samtidig har særlig stedsnavntjenesten og kartverket behov for navnefaglig kompetanse. Framtida for navnesamlingene er også svært usikker. Departementet har bedt Språkrådet om å organisere ny navneinnsamling, og arbeidet er i gang. Men hvem skal drifte samlingene i framtida?

Vi inviterer til idédugnad om hvordan vi kan opprettholde faget, og ønsker bidrag som f.eks. tar opp følgende spørsmål:

- Hvordan sikrer vi rekruttering og kompetanseoverføring?
- Kan undervisningen organiseres på andre måter enn i dag?
- Hvordan sikrer vi dynamiske navnesamlinger – nå og i framtida? – Institusjonalisering, ansvar for utvikling og vekst.

De som vil delta med korte innlegg (inntil 15 minutter), kan sende et sammendrag på en halv side til Tom Schmidt innen 20. august.

Berit Sandnes, Språkrådet

Digitalisering og visning av Norsk Stadnamnleksikon (NSL)

Konkret prosjekt: Revisjon og digitalisering/kartvisning av Norsk stadnamnleksikon med rundt 6000 navnetolkninger. Undertegnede fikk bevilget penger til dette prosjektet (et halvt årsverk)

Revisjonen omfatter:

- oppdatering av kommunetilhørighet, lokalitetstype og skrivemåte i tråd med Kartverkets Sentralt stedsnavnregister
- nyskrevne artikler med nyere tolkninger
- ny del om kvenske navn
- en digital versjon kan lett utvides med nytt stoff

Pr i dag

- Leksikondelen av Norsk stadnamnleksikon 4. utg. er digitalisert og ligger i en database.
- En prototype for åpen visning er utarbeidet og ligger på www.norskstadnamleksikon.no. Denne vil videreutvikles.
- Grunnordsamling utvidet, bidrar til deltolkninger, oftest det siste navneleddet.

Hvor vil vi komme?

- Full digitalisering av Norsk Stadnamnleksikon
- Et tillegg om kvenske stedsnavn
- God søkbarhet, med Kartverkets Norgeskart som kartgrunnlag.
- Fri benyttelse av data for andre

Ingvil Nordland, Språrådet

Tilskuddsordning for innsamling av stedsnavn

I statsbudsjettet for 2015 er det satt av 1 000 000 kroner til ei tilskuddsordning for innsamling og registrering av stedsnavn, jf. statsbudsjettets kap. 326 post 78. Kulturdepartementet har gitt Språkrådet i oppdrag å forvalte denne ordninga.

Stedsnavn er viktige språklige kulturminner. Det språkhistoriske, kulturhistoriske og bosetningshistoriske aspektet ved disse navna kaster lys over tidligere tiders liv og virke. De fleste eldre stedsnavn er overlevert muntlig fra den ene generasjonen til den neste. Endringene i bosetningsstrukturen og overgangen til maskinelle driftsformer innafor primærnæringene gjør at mange gamle stedsnavn går ut av bruk. Kulturarven som disse navna representerer, står i fare for å gå tapt når de siste som kjenner til og bruker navna, etter hvert faller fra.

Formålet med tilskuddsordninga er å bidra til å berge denne kulturarven ved å gi støtte til lokale aktører som vil samle inn stedsnavn. Innsamling og registrering skal samordnes, slik at navna blir tilgjengelige for flest mulig. Det materialet som samles inn, skal derfor legges inn i en nasjonal navnedatabase som er under utvikling. Ved hjelp av denne databasen kan navna legges direkte inn på elektroniske kart. De som registrerer og samler inn stedsnavn, skal kunne legge inn opplysninger knytta til navnet, inkludert lydfiler med uttaleopplysninger og bilder av stedet. Det legges opp til at fagpersoner i ettertid skal kunne kvalitetssikre dataene og legge til opplysninger, f.eks. om den språklige betydninga av navna. Navnedatabasen skal kunne brukes både i vitenskapelig sammenheng og til å øke kunnskapen om stedsnavn som immaterielle kulturminner.

Tom Schmidt, ILN-Navnegransking, UiO

Fortsatt undervisning i stedsnavnforskning?

I løpet av de siste åra er faget navnegransking blitt avviklet eller sterkt nedprioritert ved universiteter og høyskoler, og særlig har det gått ut over undervisning om stedsnavn. Men også i framtida vil det være behov for personer med høyere utdanning i faget, ikke minst i Stedsnavntjenesten.

Jeg vil innlede til en diskusjon om hvordan forskning og undervisning i stedsnavnforskning kan opprettholdes, og vil legge til grunn et innspill fra en av navnekonsulentene, Eli Ellingsve:

> «I en søknad om innsamlingsmidler jeg har skrevet på vegne av Frøya kommune, har jeg nevnt et eventuelt innsamlingsprosjekt som en anledning til å utvikle digitalt materiell for kurs om innsamling og digital kartfesting som kan brukes også i fremtidig kursvirksomhet.»

Dugnadsgruppe 8

Open tilgang til forskingsresultat ("Open Access")

Mellombels program (per 10.9.2015):

Velkommen v/Philipp Conzett (UiT) | 5 min.

Innlegg på 20 min. + 10 min. diskusjon/spørsmål (til saman ca. 2 timar):
- Kort innføring i sentrale begreper/aspekter ved OA v/Arthur N. Olsen (UiA)
- Publiseringssituasjonen i nordiskfaget i Noreg v/Philipp Conzett (UiT)
- Erfaringar frå redaksjonsarbeid med OA-tidsskriftet Early Modern Culture Online v/Roy Tommy Eriksen (UiA)
- Presentasjon av Nordic Open Access Scholarly Publishing (NOASP) v/Camilla Kolstad Danielsen (Cappelen Damm Akademisk)

Pause (15 min.)

Debatt på maks. 1 time?:
- (Panel)debatt og diskusjon om korleis ein kan fremja OA-publisering i nordiskfaget
Deltakarar: Arthur N. Olsen (UiA), Roy Tommy Eriksen (UiA), Camilla Kolstad (Cappelen Damm Akademisk), Philipp Conzett (UiT, moderator), fleire?

Totalt litt over tre timar.

Bakgrunnen for dugnadsgruppa:

I det tradisjonelle publiseringssystemet betalar det offentlege tre gonger for å få utgjeve ei vitskapleg bok eller tidsskrift: fyrst for sjølve forskinga som ligg bak publikasjonen, så for fagfellevurderinga og til slutt i form av abonnementsavgifter eller kjøpsvederlag som bibliotek og privatpersonar betalar til utgjevarar (jf. debattartikkel i Nordlys 4. mars 2015). Inntoget av den digitale tidsalderen har gjeve opphav til ei radikal omlegging av akademisk publiseringsverksemd. Sidan 1990-talet har vi vore vitne til ei utvikling mot å gjera forskingsresultat meir ope tilgjengelege for alle. Men denne rørsla for open tilgang til forskingsresultat (engelsk «Open Access - OA») har ikkje nådd like langt i alle vitskapsdisiplinar, og den siste tida har også forskarar innanfor humanistiske fag etterlyst ein meir offensiv OA-strategi i norsk UH-sektor (jf. t.d. Torkel Brekkes kronikk «Vi som jobber i humaniora og samfunnsvitenskap er sinker» i Dagbladet 18. februar 2015).

I denne dugnadsgruppa ynskjer vi å retta søkjeljoset mot publiseringssituasjonen for nordiskfaget i Noreg. Til fyrste delen av arrangementet inviterer vi ekspertar på open publisering som i korte innlegg skal presentera sentrale omgrep og problemstillingar

på feltet. Til andre delen inviterer vi sentrale aktørar frå forlaga, tidsskriftredaksjonane, Forskingsrådet og forskingsbiblioteka, og ikkje minst forskarar frå dei ulike nordiskmiljøa til å diskutera konkrete strategiar for å korleis vi kan skapa meir opne publiseringskanalar for nordiskfaget. Konkret ynskjer vi å drøfta om og korleis eksisterande tidsskrift kan gjerast ope tilgjengelege, og korleis fleire opne publiseringsløysingar for monografiar kan opprettast. Dei digitale media opnar i begge tilfella for nye måtar å publisera forskingsresultat på, t.d. ved å kopla ljodopptak og transkripsjonar til tilvisingar i tidsskriftartiklar eller monografikapittel. I tillegg ynskjer vi å diskutera korleis vi kan få til ei haldningsendring hjå forskarar som gjer at dei går bort frå sine tradisjonelle publikasjonsvanar til å velja ope tilgjengelege publikasjonskanalar. Målet med dugnadsgruppa er å skapa eit diskusjonsgrunnlag for å jobba vidare med desse spørsmåla etter konferansen.

Har du spørsmål kring dugnadsgruppa? Ta kontakt med Philipp Conzett.

Arrangørane:
Philipp Conzett, UiT Noregs arktiske universitet
Arthur N. Olsen , Universitetet i Agder

Arthur N. Olsen, Universitetet i Agder

Kort innføring i sentrale begreper/aspekter ved Open Access

Introduksjonen min vil gi noe grunnleggende informasjon om sentrale begreper, et kort historisk tilbakeblikk og litt om status når det gjelder Open Access eller åpen tilgang. Fokus vil være på de humanistiske fag.

• Et kort historisk tilbakeblikk og status i dag

• Hvorfor åpen tilgang

• Deponering i åpne arkiver

• Publisering i tidsskrifter med åpen tilgang

• Tvilsomme tidsskrifter

• Dekning av publiseringsavgifter, publiseringsfond

• Open Access monografier

• Noen internasjonale tiltak når det gjelder åpen tilgang innen de humanistiske fag

Philipp Conzett, UiT Noregs arktiske universitet

Publiseringssituasjonen i nordiskfaget i Noreg

Dei siste åra har nordiskfaget i likskap med andre tradisjonelle humanistiske fag vore gjenstand for debatt kring den såkalla humaniorakrisa. Måten eit fag kommuniserer forskingsfunna sine på er eit viktig ledd i fornyingsprosessen av norsk humaniora som no er sett i gang frå fleire hald, både på institusjonsnivå og på eit overordna plan, t.d. gjennom utgreiingsarbeid i regi av Noregs forskingsråd og av Kunnskapsdepartementet.

I dette føredraget skal eg gje eit oversyn over publiseringssituasjonen i nordiskfaget i Noreg. Eg skal sjå nærare på kva preferansar nordistar har når dei skal publisera forskingsresultata sine. Det er ei lang rekkje spørsmål som reiser seg: Kva publiseringskanalar vel nordistar? Kva form brukar dei (t.d. monografi eller artikkel)? I kva grad er publikasjonane ope tilgjengelege? Er nordistar flinke til å eigenarkivera publikasjonane sine? I kva grad når dei ut til fagfellane sine og til eit meir breitt publikum? Er det visse publiseringsformer eller -kanalar som blir siterte oftare enn andre? Finst det geografiske, aldersmessige, emnemessige eller andre typar skilnader i publiseringsmønstera? Korleis har publiseringsmønstera utvikla seg over tid? Inntoget av teljekantsystemet i norsk UH-sektor opnar for nye måtar å nærma seg desse spørsmåla på. I tillegg skal eg kort peika på alternative publiseringsformer og -kanalar, og visa korleis dei kan vera med på å gjera nordiskforskinga i Noreg meir synleg.

Resultata frå denne undersøkinga skal tena som grunnlag for vidare diskusjon av publiseringssituasjonen i nordiskfaget, både i paneldiskusjonen etter dugnadsgruppeinnlegga og i det vidare arbeidet etter konferansen.

Camilla Kolstad Danielsen, Cappelen Damm Akademisk

Presentasjon av Nordic Open Access Scholarly Publishing (NOASP)

Cappelen Damm Akademisk er den akademiske avdelingen i Norges største forlag. Vi gir ut forskningslitteratur, profesjonslitteratur og lærebøker til studenter i høyere utdanning. For omtrent et år siden opprettet vi Nordic Open Access Scholarly Publishing, som er en plattform for forskningspublisering med åpen tilgang, såkalt «gull open access». I januar 2015 gikk det første tidsskriftet på lufta, og siden det har det kommet til flere, både nydannede tidsskrifter og tidsskrifter som har valgt å gå over fra lukket til åpen publisering. Vi har også publisert en vitenskapelig antologi, og flere open access-bøker er underveis. Vi merker en økende interesse for OA-publisering, særlig innen humanistiske og samfunnsvitenskapelige fag.

Jeg vil i presentasjonen vise fram NOASP-plattformen og dele noen erfaringer fra det første året, og jeg vil komme med noen tanker om hva et akademisk forlag kan bidra med i åpen forskningspublisering.

Roy Tommy Eriksen, Universitetet i Agder

Erfaringer fra redaksjonsarbeid med OA-tidsskriftet Early Modern Culture Online

Early Modern Culture Online (*EMCO*) er et tverrfaglig, fagfellevurdert Open Access-tidsskrift, utgitt ved Universitetsbiblioteket i Agder. EMCO som springer ut av forskninggruppen EMMRG (*Early Modern & Modern Research Group*) i samarbeid med BSDN (*The Bergen Shakespeare and Drama Network*), publiserer forskningsresultat innenfor renessanse og tidlig moderne kultur og dekker et vidt spekter av tilnærminger. Tidsskriftet hadde sin første utgave i 2010 og utgir i snitt ett nummer i året.

Jeg skal se nærmere på fire punkter basert på vår erfaring:

1. Forskningsmiljø,

2. Tekniske støttefunskjoner/personell,

3. Finansiering, tekniske støttefunskjoner/personell,

4. Peer review-funksjonen.